




Sunnfjord
kommune

Årsrapport 2022

Sunnfjord kommune



Årsrapport 2022	1
Forord	3
1 Kommunedirektøren si vurdering	4
1.1 Oppdrag til tilsette	4
1.2 Måloppnåing	7
1.3 Økonomisk status og utvikling	10
2 Organisering	11
2.1 Politisk organisering	11
2.2 Politisk verksemd i 2022	12
2.3 Administrativ organisering	13
2.4 Eigarstyre	13
3 Samfunn	14
3.1 Folketal	14
3.2 Folkehelse	15
3.3 Klima og miljø	17
3.4 Bustadutvikling	19
3.5 Næringsutvikling	21
3.6 Beredskap	22
4 Medverknad	23
4.1 Årsverk	23
4.2 Helse, miljø og trygg	25
4.3 Rådsorgan	25
5 Organisasjon og leing	27
5.1 Kommunedirektøren og stabseiningane	27
5.2 Skule	32
5.3 Barnehage	39
5.4 Helse og sosial	43
5.5 Omsorg	50
5.6 Kultur og idrett	55
5.7 Teknisk og miljø	61
6 Økonomisk avvik	67
6.1 Kommunedirektøren og stabseiningane	67
6.2 Skule	69
6.3 Barnehage	70
6.4 Helse og sosial	71
6.5 Omsorg	73
6.6 Kultur og idrett	75
6.7 Teknisk og miljø	76

Forord

Året 2022 starta med pandemi, men har blitt prega av krigsflyktingar frå Ukraina, prisvekst og mot slutten av året renteauke. Visjonen og verdiane til Sunnfjord kommune illustrerer på ein god måte arbeidet gjennom året der både politikarar og tilsette har arbeidd hardt og vore engasjerte i å skape ein ny og god kommune i eit tid der det har vore ekstra viktig å vere både inkluderande og nær.

Tilsette fortener honnør for det dei gjer for fellesskapet. De gir omsorg og helseteneste som barn, unge, vaksne og eldre. Det blir arbeidd med infrastruktur og tekniske tenester til det beste for at kommunen skal henge i hop og fungere, frå Fonn i Stardalen til Vevring, frå Bystad til grensa til Sogndal på Gaularfjellet. Det er ein stor kommune som fungerer takka vere innsatsen tilsette leggje ned. Stabane sitt arbeid støttar opp under dei som står i velferdsproduksjonen. Barnevern og NAV som yter tenester til dei som treng det mest.

Avsnittet ovanfor viser både breidda og djupna i ein organisasjon med over 2 300 tilsette fordelt på 83 einingar. Det er snart umogeleg å slå fast kva eit normalt år er. Sidan kommunesamanslåinga har vi hatt ein ekstraordinær situasjon i kongeriket med pandemi og flyktingar frå Ukraina. For ein kommune som nett har slått seg saman, vert ekstraordinære utfordringane større enn for andre kommunar. Organisasjon, strukturar og felles organisasjonskultur skal på plass. Dei to førstnemnde kan vi bestemme, kultur må vi bygge – over tid. Det vil vi halde på med også i åra som kjem.

Ein kommune er ein politisk styrt organisasjon der ordførar og kommunedirektør styrer sine respektive ansvarsområde. Både ordførar og kommunedirektør meiner det er eit godt samarbeid mellom politikken og administrasjonen i Sunnfjord kommune.

I 2022 gjekk kommunedirektør Ole John Østenstad av med pensjon etter mange år som rådmann og seinare kommunedirektør i Førde og Sunnfjord kommune. Sunnfjord kommune vil takke han for innsatsen. Terje Heggheim vart tilsett som ny kommunedirektør og overtok formelt ansvaret 1. juli 2022.

Dei folkevalde tek gjennom sine innspel til nasjonale og regionale planar i vare intensjonen om Sunnfjord sin posisjon i eit nytt Vestland fylke. Vi blir lytta til og får uttelling på strategiane våre. Nynorskhuset, Førdepakken, nye Førde vidaregåande skule, riks- og fylkesvegsatsinga er døme på det. Det siste dei folkevalde fekk gjort før dei tok juleferien var å legge kommuneplanen sin arealdel ut på høyring. Den er viktig fordi den for fleire år framover seier kva vi skal nytte areala våre til.

Budsjettet for 2023 er vedtatt. Økonomien er ei utfordring. I åra som kjem må vi difor tilpasse drift og investering slik at vi får ein berekraftig økonomi. Det betyr blant anna at vi må sjå på måten vi organiserer arbeidet i kommunen. Samstundes veit vi at vi også må flytte ressursar over til den sektoren som vil merke det auka talet eldre vi veit vil kome.

Ein føresetnad for å lukkast med det er at tilsette, tillitsvalde og folkevalde får til eit godt samarbeid om denne oppgåva. Sunnfjord kommune sine erfaringar som gjeld slikt samarbeid, tilseier også at vi vil lukkast.

Kommunedirektør vil takke alle for vel utført arbeid i 2022.

Sunnfjord, 4. april 2023



Terje Heggheim
kommunedirektør

1 Kommunedirektøren si vurdering

1.1 Oppdrag til tilsette

Sunnfjord kommune er ein stor organisasjon. I administrasjonen har vi arbeidd med å få på plass grunnpilarane for korleis vi skal styre denne nye og komplekse kommunen,

Kommunen må ta omsyn til ei rekke aktørar og interessentar i arbeidet sitt. Nokre er statlege og regionale myndigheiter, innbyggjarar, næringslivet og frivillige organisasjonar. Kommunen har ansvar for ei rekke samfunnsoppgåver, og har fleire ulike roller overfor dei forskjellige aktørane:



Vi har i eit hefte kalla «[Slik styrer vi Sunnfjord kommune](#)» forsøkt å vise korleis den nye kommunen er organisert og styrt, og kva som er samanhengane i det vi kallar styringssystemet vårt. Heftet var gjort tilgjengeleg for tilsette, folkevalde og publikum i februar 2022.

Heilt sidan før samanslåinga av dei fire kommunane til Sunnfjord kommune, har det vore arbeidd med ulike tiltak for å fremje ein felles identitet og god samhandling i m.a. administrasjonen. Det har vore eit mål å få til ei brei involvering i arbeidet, og særleg leiarane og dei tillitsvalde har vore mest involvert.

Arbeidet har munna ut i ulike resultat:

- Visjon og verdiar
- Leiingsprinsipp
- Leiaravtale
- Spelereglar i t.d. leiargruppa
- Ulike reglement, retningslinjer og handbøker som personalhandbok og økonomihandbok
- Etske retningslinjer
- Klart språk
- Kommunikasjonsstrategi
- Metode og malar for prosjektstyring
- Plansystem

Av dette er visjon og verdiar og etiske retningslinjer omtalt særskilt.

Visjon og verdier

Sunnfjord kommune er ein ny kommune, og brukar visjon og verdier som gode verktøy for å sjå heile den nye kommunen som ein heilskap. Visjonen og verdiane hjelper oss i å gå i same retning og i å prioritere. Visjonen peikar framover, og gjev retning, men den fungerer også kvar dag.

Visjon

Saman blir vi drivande gode

Verdier

Engasjert

Inkluderande

Nær

Hugseregel

Vi er EIN

Engasjert

Ein engasjert kommune er ein kommune som til ei kvar tid veit at dei jobbar for innbyggjarane.

Kommunen bryr seg om menneske, bygg, natur og kommunen si framtid, er handlekraftige og har god driv framover.

Den engasjerte kommunen er bygd på kompetente, kunnskapsrike og framtidsretta menneske, som vil kommunen sitt beste, og som står på for å hjelpe og yte service.

Inkluderande

Ein inkluderande kommune er ein raus og open kommune med tilsette som møter alle med respekt.

Kommunen ser alle, og søker å møte alle sine behov på ein open og imøtekomande måte.

Kommunen er samlande for alle som arbeider der.

Nær

Ein nær kommune er ein kommune du har tillit til. Ein nær kommune kjenner innbyggjarane sine og tar dei på alvor.

Innbyggjarane kjenner seg trygge i møte med kommunen, og dei veit at dei som arbeider der er til å stole på.

I kommunen jobbar ein tett med kvarandre – og tett på innbyggjarane.

Etiske retningslinjer

Sunnfjord kommune sine etiske retningslinjer vart vedteken av kommunestyret 23. juni 2021. Retningslinjene er basert på KS sine råd, og har ni kapittel. Det er også utarbeidd ei samling av [aktuelle etiske dilemma](#) som einingane kan nytte i arbeidet med refleksjon og bevisstgjerjing knytt til dei etiske retningslinjene.

Sunnfjord kommune sin etiske retningslinjer skal bidra til å bevisstgjere dei tilsette i høve etiske spørsmål. Haldningane våre og handlingane våre påverkar tilliten innbyggjarane har til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi opptrer.

Det er naudsynt å ha ein open kultur for å samtale om etiske spørsmål for å kunne utvikle eit godt etisk og fagleg skjønn.


[Dei etiske retningslinjene](#) har følgjande område:

- Utøving av arbeidet
- Openheit og dialog
- Interessekonflikt
- Gåver og representasjon
- Pengar og egedelar
- Innkjøp
- Arbeidsmiljø
- Varsling
- Brot på dei etiske retningslinjene



1.2 Måloppnåing

Sunnfjord kommune rapporterer i denne årsrapporten tredje driftsår i ny kommune. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i februar 2022. Kommuneplanen sin samfunnsdel har følgjande målsetting og strategi:



Kommuneplanen sin samfunnsdel vart sett i arbeid ved at vi i økonomi- og handlingsplan for 2023-2026 vedteken i juni 2022, prioriterte strategiar og «slik gjer vi det»-tiltak både samla for kommunen og konkretisert innanfor kvar sektor. Dette blir ein del av styrings- og rapporteringssystemet for 2023.

Konkretisering av mål for 2022 er ikkje gjort utover arbeidet omtalt ovanfor.

Kommuneplanen sin arealdel er starta opp i 2022, med mål om vedtak i juni 2023.

Intensjonsavtale

Kommunane Gaular, Naustdal, Førde og Jølster vedtok i juni 2015 intensjonsavtale for Sunnfjord kommune. Intensjonsavtalen er lagt til grunn for utarbeiding av årsbudsjett og økonomiplan 2020 - 2023:

Hovudmål:

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

Delmål:

- Skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst.
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Bygge ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø.

Befolkning

Folketal er omtalt i kapittel 3.1 i årsrapporten.

Kommunebarometeret

Ein indikator på gode tenester med høg kvalitet er Kommunebarometeret si måling publisert av Kommunal Rapport kvart år. Her blir kommunane rangert etter 151 nøkkeltal, på tvers av 12 ulike sektorar.

Kommunebarometeret for 2022 er basert på nøkkeltal for 2021.

	Gaular	Jølster	Førde	Naustdal	Sunnfjord	Sunnfjord	Sunnfjord
	2019	2019	2019	2019	2019	2020	2021
Plassering nøkkeltal åleine	111	183	63	407	130	128	126
Plassering justert for økonomiske føresetnadar	100	217	32	386	112	129	136
Barnehage	57	12	151	66	108	145	107
Barnevern	195	152	194	330	206	107	79
Grunnskule	57	132	15	378	84	81	101
Helse	256	116	277	286	253	81	154
Kostnadsnivå	209	169	166	354	196	230	209
Kultur	417	410	113	375	229	200	231
Miljø og ressursar	268	257	235	159	233	313	200
Pleie og omsorg	326	181	53	397	152	65	93
Saksbehandling	91	300	222	122	202	15	93
Sosialteneste	184	298	336	212	294	252	169
Vatn og avløp	359	244	95	204	166	169	181
Økonomi	179	395	254	385	280	314	298

For å kunne samanlikne utvikling frå 2019 til 2020 er rangering av dei 4 gamle kommunane i 2019 slått saman til Sunnfjord kommune. Det er viktig å understreke at frå 1. januar 2020 har vi 356 kommunar i Norge mot 422 kommunar i 2019.

Tabellen viser at Sunnfjord kommune i 2021 var rangert på 136. plass justert for økonomiske føresetnadar blant totalt 356 kommunar. Vi har god rangering innan sentrale tenesteområde som barnehage, barnevern, grunnskule og pleie og omsorg. Vi har lågast rangering innan økonomi.

[Fullstendig rapport for Kommunebarometeret 2022 er tilgjengeleg på Sunnfjord kommune sine nettsider.](#)

Fargemarkeringane i tabellen viser:

- Grøn: rangering blant dei beste 1/3 av kommunar
- Gul: rangering blant dei mellomste 1/3 av kommunar
- Raud: rangering blant dei lågaste 1/3 av kommunar

NHOs Kommune-NM 2022

NHOs Kommune-NM rangerer kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Talgrunnlaget er frå 2021.



Sunnfjord kommune er rangert som kommune nr. 42 i landet og nr. 6 i Vestland fylke. Rangeringa er ein betring på 2 plassar frå 44. plass i 2020.

Rangeringa på kvar av områdeindikatorane for Sunnfjord kommune er opp frå 179. plass til 132. plass på næring, uendra plassering på 16. plass på arbeidsmarknad, opp frå 105. plass til 92. plass på demografi, opp frå 70. plass til 67. plass på kompetanse og ned frå 9. plass til 109. plass på økonomi.

«Det er tydeleg at det blir skapt jobbar og at folk opplever trivsel, fordi Sunnfjord har lav arbeidsløyse, lite sjukefråvær og høg deltaking i arbeidslivet. Eg er sikker på at mange andre kommunar kan lære mykje av arbeidet som blir gjort her.» Det seier regiondirektør i NHO Vestlandet, Helene Frihammer. Ho opplever også at det er mykje optimisme i Sunnfjord. «Medan det kan vere murring om kommunesamanslåing andre stader, verkar det å vere ei positiv haldning er om at det er ein god moglegheit for å skape noko nytt og endå betre saman. Eg vil også rose alle som har bidrege til å få etablert Heilekonferanse. Den set Førde og Sunnfjord tydelegare på kartet og skapar engasjement om korleis ein kan utvikle regionen vidare», seier Frihammer.

Kommune-NM måler kommunane si økonomiske berekraft og potensiale for vekst. Slik sett kan ein seie at kåringa også måler attraktivitet for næringslivet. Kommune-NM måler ikkje politikk eller næringsvennlegheit direkte. Kommunar som vert rangert høgt i Kommune-NM har gjerne høg yrkesdeltaking, høg del private jobbar, ei ung og kompetent arbeidsstyrke, høg næringsvariasjon og god kommuneøkonomi.

Andre indikatorar på måloppnåing

Vi gjennomfører systematiske brukarundersøkingar og medarbeidarundersøking. Desse vert rapportert løpande når resultat føreligg.

I årsrapporten er samfunn omtalt i kapittel 3, medverknad i kapittel 4 og måloppnåing innanfor kvar sektor omtalt i kapittel 4.

1.3 Økonomisk status og utvikling

Økonomisk status og utvikling er gjort greie for i årsmelding 2022 for Sunnfjord kommune.

Driftsrekneskapen for 2022 viser samla inntekter på 2 336 mill. kroner, og dette er 240 mill. kroner meir enn budsjettet. Det er ein auke i driftsinntekter på 123 mill. kroner i forhold til 2021. Dette er 230 mill. kroner betre enn budsjett korrigert for bruk og avsetjing av øyremerka tilskot.

Investeringsrekneskapen 2022 viser samla utgifter på 356 mill. kroner Det er eit etterslep på gjennomføring av investeringar då samla budsjetterte utgifter er 681 mill. kroner. Alle investeringsutgifter i 2022 er finansiert.


Vedtekne handlingsreglar om netto driftsresultat på 1,6 %, netto lånegjeld på 117 % og disposisjonsfond i % av driftsinntektene på 4,7 % viser rekneskapen at måltal er oppnådd for 2022.

Sentrale nøkkeltal	Rekneskap 2022		Rekneskap 2021		Rekneskap 2020	
	Kroner	% av innt.	Kroner	% av innt.	Kroner	% av innt.
Sunnfjord kommune						
Driftsinntekter	2 336 007 541		2 212 720 386		2 117 335 040	
Netto driftsresultat	36 869 816	1,6 %	58 389 597	2,6 %	13 306 199	0,6 %
Netto lånegjeld (lån-ubrukt-utlån)	2 198 548 673	94 %	2 206 620 793	100 %	2 111 293 528	100 %
Disposisjonsfond	123 481 400	5,3 %	130 238 072	5,9 %	96 432 680	4,6 %
Meir(-)/mindreforbruk (+)	18 054 328	0,8 %	30 272 958	1,4 %	- 16 970 995	-0,8 %
Investeringsutgifter	356 078 208	15 %	341 271 783	15 %	257 402 964	12 %

2 Organisering

2.1 Politisk organisering

Sunnfjord kommune er politisk organisert etter formannskapsmodellen. Dette er hovudmodellen i kommunelova, og inneberer at formannskapet blir vald av kommunestyret etter partia sin forhaldsvise representasjon i kommunestyret.



Kommunestyret har 45 representantar, og er det øvste organet i kommunen. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen, om ikkje anna følgjer av lov eller delegering.

Formannskapet har 11 medlemmar og har blant anna ansvar for økonomiplan og årsbudsjett, investeringar, finansforvaltning og reguleringsplanar. Ein av medlemmane i formannskapet har funksjonen som representant for barn og unge i plansaker.

Kommunestyret har oppretta tre hovudutval:

- Utval for helse og omsorg
- Utval for samfunn, kultur og næring
- Utval for oppvekst

Kvart hovudutval har 11 medlemmer. Hovudutvala har vedtaksmynde innanfor sitt ansvarsområde, men i saker dei sjølv ikkje kan avgjere gjev dei innstilling til kommunestyret.

2.2 Politisk verksemd i 2022

Den politiske verksemda vart i hovudsak gjennomført i samsvar med vedteken møteplan for 2022. Til saman vart det gjennomført 138 møte og behandla 932 saker i dei ulike utvala.

Kommunestyret hadde eit ekstra møte i mars for å gjennomføre KS sitt folkevaldprogram.


I januar 2022 vart Sunnfjord kommune vald ut til å delta i kommunal- og distriktsdepartementet sitt lokaledemokratiprogram. Målet i prosjektet er å styrke folkevald styring, innbyggarmedverknad og etablerer nye arenaer for demokrati og utvikling. Kommunestyret vedtok søknaden og organisering av prosjektet. Det vart oppretta eit nytt utval for lokaldemokrati som skal fungere som styringsgruppe og følgje opp prosjektet.

Hausten 2021 sette formannskapet ned eit arbeidsutval som skulle evaluere dagens politiske organisering og reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår. Arbeidsutvalet la fram si tilråding i kommunestyret i mai 2022, og det vart vedteke [endring av politisk organisering](#) og [reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår](#) for neste kommunestyreperiode 2023–2027.

Tabellen under viser tal på politiske møte og tal på behandla saker i 2022.

Folkevald organ	Gjennomførte møte	Behandla saker
Kommunestyre	10	129
Formannskap	31	265
Utval for helse og omsorg	9	64
Utval for samfunn, kultur og næring	9	81
Utval for oppvekst	10	48
Kontrollutval	10	78
Klageutval	8	54
Klageutval HS	4	13
Sakkunnig takstnemnd	3	24
Eldreråd	10	51
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	9	47
Ungdomsråd	9	44
Administrasjonsutvalet	1	2
Valstyret	2	7
Utvalet for lokaldemokrati	4	10
Arbeidsutval for politisk organisering og godtgjersle	9	15
Sum	138	932

2.3 Administrativ organisering



Kvar av dei seks sektorane er leia av ein kommunalsjef. Dei seks kommunalsjefane er del i kommunedirektøren si leiargruppe saman med assisterande kommunedirektør og personalsjef.

Dei 7 leiarane av stab- og støtteiningane rapporterer til assisterande kommunedirektør.

Det er totalt 79 einingsleiarar i Sunnfjord kommune. Dei har økonomi- og personalansvar for si eining, og rapporterer til kommunalsjef for sin sektor.

I juni 2022 hadde Ole John Østenstad sine siste arbeidsdagar som kommunedirektør for Sunnfjord kommune før han gjekk av med pensjon. Terje Heggheim vart tilsett som ny kommunedirektør og starta formelt i jobben 1. juli 2022. Han kom frå tilsvarande stilling i Kinn kommune.

2.4 Eigarstyre

Eigarskapspolitikk er dei overordna føringane som kommunen legg til grunn for forvaltinga av selskapa og eigardelane. Det gjeld dei system, retningslinjer og rutinar kommunen har for å praktisere eigarskapen.

Det omfattar vurderingar som vert gjort før val av selskapsorganisering, rutinar for rapportering, premissar for val av medlemmer til styrande organ mm. Eigarskapspolitikk er det praktiske rammeverket for kommunen si styring.

Eigarstrategi er dei føringar kommunen legg til grunn for dei ulike selskapa for å sikre at selskapa følgjer dei målsettingane som eigarane har bestemt. Det vert gjort gjennom fastsetting av vedtekter og føremål samt å gje rammevilkår som er styrande for kvalitet og utvikling av selskapa.

Oversikt over kven som er politisk valt i styrande organ står under omtale av kvart selskap i [eigarskapsmelding 2022-2023](#).


3 Samfunn

3.1 Folketal

I 2022 auka folketalet i Sunnfjord kommune med 99 personar. Folketalet i Sunnfjord kommune har auka med totalt 153 personar sidan 2018. Hovudforklaringa for veksten det siste året er flyktingar, hovudsakleg frå Ukraina.


Sunnfjord kommune	2019	2020	2021	2022	Prognose 2023	Prognose 2024
Befolkning per 1. januar	21 959	22 030	22 020	22 116	22 175	22 210
Fødseloverskot	106	71	114	63	73	69
Nettoinnflytting	-33	-81	-16	41	-38	-64
Folketalsvekst	71	-10	96	99	35	5
Folketalsvekst %	0,32 %	-0,05 %	0,44 %	0,45 %	0,16 %	0,02 %

3.1.1 Vi blir eldre



Når det gjeld framskriving av folketal, er den forventa å vere flat. Vi vil ha om lag 260 fleire innbyggjarar i Sunnfjord kommune i 2047 enn det vi har i dag (MMMM-alternativ).

Folkesamansetnaden vil endre seg vesentleg, særleg frå 2030 og framover. Andelen over 80 år vil meir enn doble seg fram mot 2047, medan andelen 90+ år vil tredoble seg. Tal born og unge i alderen 0-19 år er synkande. Det same er gruppa yrkesaktive vaksne i alderen 20-67 år. Det er ein liten auke i aldersgruppa 67-79 år.



Grafen viser den økonomiske effekten som følge av endring i demografien. TBU sin beregningsmetode viser at dagens tenestnivå vil koste 530 mill. kroner meir enn i dag (i 2022-tal), som følge av at befolkninga blir eldre. Skal vi klare å gi like gode tenester i framtida må vi omstille og effektivisere tenesteproduksjonen, og vri deler av ressursbruken frå barn og unge til eldre.

3.2 Folkehelse

Folkehelse handlar om innbyggjarane sin helsetilstand og korleis helsa fordeler seg blant innbyggjarane. Folkehelsearbeid handlar om samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar innbyggjarane si helse og trivsel, og reduserer dei faktorene som har negativ påverknad.

Kommunen skal ha ei skriftleg oversikt over folkehelsetilstanden blant innbyggjarane og kva som påverkar folkehelsa. Kravet er forankra i folkehelselova § 5. Folkehelseinstituttet lagar kvart år ein folkehelseprofil for kommunane. Livskvalitet er tema for folkehelseprofilen 2022 som tar utgangspunkt i talmateriale frå 2019-2021 (eller eldre). Nokre hovudtrekk frå 2022 er:

Innbyggjarar:

- Andelen i aldersgruppa 45 år og eldre som bur åleine lågare enn landet i sin heilskap.

Oppvekst og levekår:

- Andel som bur i hushald med vedvarande låg inntekt, er lågare enn landet som heilskap.
- Andelen som gjennomfører videregående opplæring, er høgere enn landsnivået.

Miljø, skader og ulykker:

- Andelen ungdomsskuleelevar som oppgir at dei er litt eller svært fornøgde med lokalmiljøet, er høgare enn landsnivået.

Helserelatert åtferd:

- Andelen 17-åringar som oppgir at dei trenar sjeldnare enn ein gong i veka, er lågare enn landsnivået.

Helsetilstand:


- Andelen ungdomsskuleelevar som har mange psykiske plager, er lågare enn landsnivået

3.3 Klima og miljø

I Sunnfjord kommune sin plan for klimaomstilling er det eit mål å redusere klimagassutsleppa med minst 40 % innan 2030.

Dei direkte utsleppa i Sunnfjord kommune i perioden 2009-2021 har endra seg lite (Miljødirektoratet, 2023). Vegtrafikk og jordbruk er dei største utsleppssektorane.

Dei forbruksbaserte utsleppa er størst. Innbyggerane i Sunnfjord kommune har eit årleg klimafotavtrykk på rundt 11 tonn CO₂-ekvivalentar (Folkets Fotavtrykk, 2023). For å nå 1,5 gradersmålet, må fotavtrykket reduserast til rundt 3 tonn innan 2030.



Handlingsprogrammet for 2019-2022 med 31 tiltak er delvis gjennomført. Status for dette blir presentert i grunnlaget for klimabudsjett første halvår 2023. Kommunen har gjennomført ei rekke prosjekt forankra i klimaomstillingsplanen.

Mobilitetsstrategi 2022-2025 er vedteken, og blir følgd opp gjennom ein handlingsplan som vil inngå i klimabudsjettet. Kommunen har etablert over 70 ladepunkt og utskiftinga til elektriske tenestebilar er i full gang. Skyss har varsla ein mobilitetsplan for Førde og Florø, der kommunen har høve til å påverke kollektivtilbodet i vår region.

Sykelbyen Førde er vidareført med ny organisering og har jobba mest med betre infrastruktur og sykkelparkering i 2022. Aktivitetsplan for sykkelbyen blir innarbeidd i klimabudsjettet.

FoU-prosjektet Sirkulære Sunnfjord vart avslutta i 2022. Dette blei følgd opp med prosjektet Sirkulære Sande skule. Inventar og bygningsdelar blei kartlagt med tanke på ombruk, som eit grunnlag for utlysing av byggeprosjektet. Kommunen har og etablert eit system for vidare ombrukskartlegging og sirkulering av brukte møblar, i samarbeid med Kinn kommune.

Bygg og eigedom har gjennomført omfattande energikartlegging med tanke på straumsparing og energiøkonomisering av kommunale bygg. Solenergi og bergvarme er blant tiltaka som blir realisert i 2023 og framover.

Klima og miljø har vore sentrale tema i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Viktige areal for naturmangfald, klimatilpassing, karbonbinding og -lagring blir teke omsyn til gjennom føresegner og plankart. Kommunen har utarbeidd ei første utgåve av arealrekneskap som gir eit grovt uttrykk for i kva grad arealbruken er klima- og arealnøytral. Kommunen har meldt seg på to prosjekt på vestlandet som skal bidra til å vidareutvikle arealrekneskapen, der særleg arealbruken i LNF-områda og grøntareala blir undersøkt nærare.

Regional plan for vassforvaltning slår fast at vassførekomstane skal oppnå god økologisk tilstand innan 2027.

Dei fleste vassførekomstar i Sunnfjord har god miljøtilstand, men om lag ein fjerdedel har moderat eller dårlegare tilstand (Vann-nett.no, 2023).






Jordbruk og avløp er dei viktigaste påverknadene som kommunen har ansvar for å følgje opp. I Sunnfjord kommune blir det jobba systematisk med dette, gjennom tilsynsplan for avløp, hovudplan for kommunalteknikk, og gjennom dialog og økonomiske og juridiske verkemidlar i jordbruket.


Det er eit ressurskrevjande og langsiktig arbeid å skape engasjement og endring i grendene i alle nedbørfelta som har utfordringar med vassmiljøet.

Kommunen har behov for eit betre regelverk for mindre avløpsanlegg, og har utarbeidd eit grunnlag for ei VA-norm i 2022.

Kommunen har ei lang liste over saker som gjeld grunnforureining og forsøpling som er tidkrevjande å ta tak i.

Økologisk tilstand, Alle overflatevann

TILSTAND	ANTALL	%
 Svært god	26	9.9
 God	171	65.3
 Moderat	55	21.0
 Dårlig	8	3.1
 Svært dårlig	2	0.8
Alle	262	100.0



3.4 Bustadutvikling


Det er bra byggeaktivitet i Sunnfjord kommune. I 2022 vart det totalt gjeve rammeløyve/igangsettingsløyve til oppføring av 41 bygningar med føremål bustad (bustadhus, våningshus, tomannsbustad, rekkjehus, bustadblokk m.m.). Det er totalt 153 bueiningar.

Det er gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest til 52 bygningar med føremål bustad. Det er totalt 212 bueiningar.

Figurane under syner mengd av nokre typar bustad i Sunnfjord kommune:



Figurane under syner kor mange det i gjennomsnitt bur i kvar bustad, og kor mange det er som bur trangt.



3.4.1 Bustadsosialt arbeid

Sunnfjord kommune vedtok Bustadsosial handlingsplan 2022 – 2030 hausten 2022. I denne har vi kartlagt behovet for ulike typar bustader i åra framover – alt frå institusjonsplassar og omsorgsbustader, til bustad for psykisk helse og rus og vanskelegstilte. Vi har i planen også sagt at vi skal jobbe med leige til eige – prosjekt, styrke informasjon om tilpassing av bustad, og tettare samarbeid med Sunnfjord tomteselskap og private utbyggjarar for å hjelpe fleire unge utviklingshemma og uføre til å eige eigen bustad.

Sunnfjord kommune har tett samarbeid med Husbanken. Barnefamiliar og unge vanskelegstilte er ei prioritert målgruppe for Husbanken. Barnefamiliar med låg inntekt opplever i auka grad dårlege buforhold og opplever oftare bu-utgiftene som tyngande samanlikna med andre familiar. Det er eit mål at fleire vanskelegstilte familiar skal kunne eige eigen bustad. I 2022 innvilga Sunnfjord kommune 14 startlån til kjøp eller tilpassing av bustad. Av desse var 10 hustandar med born og 9 av desse er einslege forsørgjarar med born.

Indikatorane nedanfor viser utviklinga i omfanget av barn og barnefamiliar med ein utfordrande bu-situasjon i Sunnfjord kommune:

Born og unge sine buforhold	2017	2018	2019	2020	2021
Born i hushald med låg inntekt, som leiger og bur trangt	105	111	133	124	122
Born i hushald med låg inntekt	457	466	455	445	442
Bornefamiliar med låg inntekt, som leiger eller bur trangt	34	32	38	37	37
Bornefamiliar med låg inntekt	215	219	203	196	194

Born og unge sine buforhold. Kjelde: [Boligsosial monitor](#)

Statistikken viser at tala er stabile frå år til år. Vi ligg under landssnitt på alle indikatorar. Det er likevel eit prioritert mål å redusere omfanget og vi er i gong med å utarbeide ein strategi mot barnefattigdom.

3.5 Næringsutvikling


Sunnfjord Utvikling AS (SU) er kommunen sitt nærings- og tiltaksapparat. Selskapet er eigd av Sunnfjord kommune samt næringslivet i området. Føremålet er å hjelpe nye etablerarar og legge til rette for at eksisterande næringsliv kan utvikle seg vidare og skape ny aktivitet.

I tillegg har kommunen ei eiga eining - næring og samfunnsutvikling - som jobbar med tilrettelegging, sakshandsaming, politisk bistand og planlegging knytt til næringslivet. Eining for samfunn og næring arbeider opp mot samfunnsplanen sine mål om Sunnfjord kommune som ein attraktiv kommune med folketalsvekst og berekraftig utvikling.

Eininga har eit breitt saksområde som involverer m.a. arbeid med å fylle dei tidlegare kommunehusa, deltaking i nasjonalt program for lokaldemokrati, campusutvikling i Førde saman med Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og Helse Førde, etablering av Fjordane interkommunalt politisk råd, deltaking i Grøn region Vestland/Fjordane, deltaking i EØS prosjekt med Polen og søknad om Norecprosjekt med Malawi, koordinere regional kompetanseforum i Fjordane i regi av fylkeskommunen, selta i arbeidet med mobilitet, nasjonal turistveg, parkeringsordning, samferdsle, satsing på el-fly, stadutvikling, nærmiljøråd i Sunnfjord, og utarbeiding av saker til utval for samfunn, kultur og næring. Koordinering av nærmiljøråda er ei særskild oppgåve for eininga. Vi har i dag 6 slike råd: Naustdal, Vassenden, Skei, Sande, Viksdalen og Bygstad.

Ordføraren har ei eiga strategigruppe mot samfunn- og næringslivssatsinga. Denne består av ordførar, varaordførar, dagleg leiar i Sunnfjord utvikling, kommunedirektøren og eining for samfunn og næring. Her vert m.a. satsingar innan infrastruktur, regionalpolitikk, næring drøfta.

Det er starta opp arbeid med ein ny strategisk næringsplan for Sunnfjord. Eit av våre største utfordringar er tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse. Dette kjem òg klart fram i nærings- og ringverknadsanalysen, «Vekstregionen Sunnfjord», som PwC har gjort på oppdrag frå Sunnfjord Utvikling. Her blir det peika på at Sunnfjord kommune må framstå som ein næringsvenleg kommune og rolla som ein viktig regional aktør i Vestland.



Kjelde: Vekstregionen Sunnfjord, nærings- og ringverknadsanalysen,
<https://www.sunnfjordutvikling.no/2022/03/28/vekstregionen-sunnfjord-ein-naerings-og-ringverknadanalyse-her-finn-du-rapporten/>

3.6 Beredskap

Sunnfjord kommune vedtok ny ROS (Risiko og sårbarheits-analyse) i juni 2022. Dette er ein del av kommune sin beredskapsplan som det vert arbeidd kontinuerleg med.

Det blei gjennomført møte i kommunen sitt beredskapsråd i mai kor medlemmane informerte om status og endringar innfor sine beredskapsområder.

I desember gjennomførte kommuneleiinga og einingsleiarane i ei intern øving kor øvingsføremålet var å kartlegge kva konsekvensar bortfall av alle IKT- systema vil få for den daglege drift i sektorane, og kva førebyggjande tiltak kommunen kan sette i verk for møte/avgrense skadane om slike situasjonar skulle oppstå.

Situasjonen i Ukraina har og hatt fokus innan beredskapsplanlegging i 2022. I tillegg til sjølve flyktningsituasjonen har kommunen også arbeidd med rasjoneringskartlegging og atomberedskap.

Ekstremværet Gyda tidleg i januar månad, førte til auka beredskap/førebuande tiltak for å handtere ekstremvær, ras, skred og flaum.



4 Medverknad

4.1 Årsverk

Tabellen under viser årsverk, tal tilsette og kjønnsfordelinga i kommunen sine sektorar pr. 31.12.2022:

Sektor	Tal årsverk	Tal årsverk kvinner	Tal årsverk menn	Tal tilsette	Tal tilsette kvinner	Tal tilsette menn
Leiging	8	4	4	8	4	4
Stab	105	67	38	113	73	40
Skule	506	379	127	577	435	142
Barnehage	257	219	38	280	240	40
Helse- og sosial	191	160	31	227	186	41
Omsorg	537	472	65	769	668	101
Kultur og idrett	42	27	15	62	40	22
Teknisk og miljø	174	74	100	263	97	166
Sum	1 820	1 402	418	2299	1 743	556

Som oversikten viser så var det i kommunen 1820 årsverk i 2022. Det er ein auke på tre årsverk sett i høve til 2021. Kvinnedelen utgjør 77%, som er den same som i 2021.

Totalt 2263* personar hadde eit løna arbeidstilhøve i Sunnfjord kommune pr 31.12.2022. Det er tre mindre enn tilsvarande tal i 2021.

Kvinnedelen og mandsdelen er den same som i 2021 på h.v. 76% og 24%.

Av kommunen sine 151 leiarar (kommunedirektør/kommunalsjefar/einingsleiarar/ assisterande einingsleiarar) er 111 kvinner og 40 menn. Det utgjør ein kvinnedel på 73,5%.

Når det gjeld einingsleiarar (totalt 79 stk.), så er 55 kvinner (70%) og 24 menn (30%).

*Når tal tilsette i sektorane utgjør meir enn tal tilsette i kommunen totalt, skuldast at fleire tilsette arbeider i fleire sektorar.

Sjukefråvær og inkluderande arbeidsliv

Det totale sjukefråværet i kommunen, basert på uttrekk frå eige lønssystem gjennom heile 2022, fordelar seg slik:

Kva	Totalt i 2022	Totalt i 2021
Eigenmeldingar 1-8 dagar i %	2,00	1,40
Sjukmeldingar 1-16 dagar i %	0,80	1,00
Sjukmeldingar 17-56 dagar i %	1,10	2,30
Sjukmeldingar over 56 dagar i %	5,20	4,50
Sjukmelding totalt	9,2	9,2
Tal einingar over 10 % i 2021	30	32

Sjkefråværet totalt er det same som i 2021. Korttidsfråværet har auka med totalt 0,4%-poeng. Her var fråværet spesielt høgt i første og siste kvartal. Årsaka skuldast nok ein kombinasjon av corona og influensa. Sett iht 2021 så er det langtidsfråværet som har uka mest med 0,7%- poeng. Då vi veit at det er dette fråværet som har størst betydning for om arbeidstakarar fell ut av av arbeidslivet eller ei, så er ei negativ utvikling her svært uheldig.

Nasjonal målsetjing med IA- arbeidet for perioden 2019 – 2022 er at sjukefråværsprosenten skal reduserast med 10 prosent samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018 som var 5,8%-legemeldt fråvær. Legg vi til grunn 1 % eigenmeldt sjukefråvær, så talar vi om ei nasjonal målsetjing kor det totale sjukefråværet skal vere på 6,1 % pr 31.12.2022.

Det betyr eit måltal i 2022 på 7,3% for Sunnfjord kommune. Vi er såleis 1,9%- poeng unna den målsettinga. Med tanke på at vi har vore gjennom ein koronapandemi og mykje influensa, så var den målsettinga vanskeleg å oppnå i 2022.

Sjkefråværet innanfor den einskilde sektor fordelar seg slik:

Kva	Leing og stabar	Skule	Barnehage	Helse og sosial	Omsorg	Kultur og idrett	Teknisk
Månadsverk	103,2	460,8	234,9	173,6	476,6	38,7	157
Eigenmeldingar 1-8 dagar i %	1,3	1,8	2,9	1,6	2,1	1,4	1,5
Sjukmeldingar 1-16 dagar i %	0,6	0,7	1	0,6	1,1	0,4	0,7
Sjukmeldingar 17-56 dagar i %	1,0	0,9	0,8	1,2	1,6	0,1	0,9
Sjukmeldingar over 56 dagar i %	2,6	4,1	5,9	8,1	5,7	3,7	4,8
Sjukmelding totalt i % i 2022	5,6	7,5	10,7	11,6	10,6	5,7	7,9
Sjukmelding totalt i % i 2021	4,1	7,7	11,2	8	12	7,2	7,2

Samanlikna med 2021, så er det spesielt Helse- og sosialsektoren og staben som auka fråværet sitt i 2022. Omsorg og Kultur og idrett har derimot klart å redusere sitt fråvær betydeleg.

Nasjonale tal for legemeldt sjukefråvær i 2022

(Kilde: SSB og KS)

Oversikten syner legemeldt sjukefråvær (dette inkluderer ikkje eigenmeldingar).

År	Kvartal	Sunnfjord kommune	Kommunal forvaltning	Norge
2022	4	7,1 %	7,8 %	5,7 %
2022	3	5,8 %	6 %	4,6 %
2022	2	6,8 %	7,4 %	5,2 %

År	Kvartal	Sunnfjord kommune	Kommunal forvaltning	Norge
2022	1	7,3 %	8,6 %	6,2%
2021	4	7,9 %	8,6 %	5,9 %
2021	3	6,1 %	6,5 %	4,7 %
2021	2	7,4 %	7,9 %	5,3 %
2021	1	8,5 %	8,5 %	5,7 %

Her kan vi samanlikne oss med andre kommunar i Norge. Oversikten viser at Sunnfjord kommune har eit lågare legemeldt sjukefråvær enn resten av kommunane i Norge i alle fire kvartala i 2022.

Det kan vere at Sunnfjord kommunen har blitt flinkare til å nytte eigenmelding på kortidsfråvær enn resten av landet. Derfor viser denne tabellen ikkje heile «sanninga» om status på sjukefråværet, men gir ein indikator korleis tilhøva er i Sunnfjord kommune vs resten av kommunane i Norge.

4.2 Helse, miljø og trygg

Kommunen lager årleg ein handlingsplan for Helse- miljø og tryggleik (HMT). Her vert det lista opp kva tiltak kommune skal prioritere innanfor området. Det vere seg opplæring/kurs, helsekontrollar og andre undersøkingar, etablere prosedyrar og rutinar samt direkte målretta tiltak kor føremålet er å førebygge og følgje opp sjukefråvær i einingar og hos tilsette.

I tillegg vert det utarbeid eigen årleg handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta (BHT). Sunnfjord kommune har avtale med bedriftshelsetenesta AVONOVA.

Både handlingsplanen for HMT og BHT bygger mellom anna på tilbakemeldingar som vert gitt i dei årlege vernerundar, og planane vert vedteken i Arbeidsmiljøutvalet.

4.3 Rådsorgan

4.3.1 Samarbeid mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane

Kommunedirektøren med leiargruppa har møte med alle hovudtillitsvalde samt hovudverneombod ein gong pr måned. Her kan begge partar spele inn saker til felles handtering; det vere seg saker til informasjon, diskusjon, drøfting eller forhandling.

I 2022 blei det gjennomført totalt 10 fellesmøte.

Utover dette blei det satt ned mange arbeidsgrupper kor arbeidstakarorganisasjonane deltek.

4.3.2 Arbeidsmiljøutvalet

Arbeidsmiljøutvalet i Sunnfjord kommune har bestått av 12 medlemmar; seks frå arbeidsgjevarsida og seks frå arbeidstakarsida. I tillegg er bedriftshelsetenesta representert.

Det har vore gjennomført sju møter, og totalt 10 saker har vore handsama. I tillegg kjem informasjonssaker.

4.3.3 Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet har bestått av fem politikarar og to hovudtillitsvalde. I tillegg har kommunedirektør og personalsjef delteke i møta.

Det har vore eitt møte i 2022.

4.2.4 AKAN-utvalet

AKAN-utvalet har bestått av fem medlemmar; to hovudtillitsvalde, hovudverneombod, representant frå bedriftshelsetenesta og personalsjef.

Utvalet har hatt tre møter i 2022.

5 Organisasjon og leiing

5.1 Kommunedirektøren og stabseiningane



5.1.1 Oppgåveområde

Kommunedirektøren omfattar leiargruppa og stabsfunksjonane personal, service, SySIKT, rekneskap og løn, fagutvikling, næring og samfunnsutvikling og kommuneadvokaten.

5.1.2 Viktige hendingar

- Avslutning av koronapandemien og koordinere vaksinerings
- Vedtak på kommuneplanen sin samfunnsdel
- Vedteke bustadsosial handlingsplan
- Implementering og gjennomføring av ny medarbeidarundersøking
- Det er gjennomført lokale lønsforhandlingar
- Implementering av nye rutinar innan konflikthandtering og oppfølging av sjukmeldte
- Grunnkurs HMS for verneombod og leiarar
- Overgang til ny versjon av sak/arkivsystem Websak+/Møte+
- Arbeid med innføring av tilgjengelegheitserklæring på kommunen sine nettsider
- Innføring av M365
- Rydda og sendt mange hyllemeter klientarkiv til Kommunearkivordninga
- Innføring av nytt styringssystem Framsikt (budsjett og rapporteringsmodul)
- Inngått avtale med Fjaler kommune hausten 2022 om produksjon av løn
- Koordinerer inntil 40 sjukepleiestudentar i praksis i faget «Folkehelse i globalt og nasjonalt perspektiv»
- Trainee innan digitalisering i service og medie/ kommunikasjon i fagutvikling
- Koordinering av «Ung jobb»
- Oppstart av strategisk folkehelsegruppe
- Deltaking i DigiVestland
- Intensjonsavtale om samarbeid mellom SySIKT og IKT Nordfjord
- Oppfølging av nærmiljøråda
- Sekretariat Fjordane interkommunalt politisk råd
- Strategiske samferdsletiltak: FOT-rutine, el-fly, E39, fylkesvegar, ras
- Studentmelding
- Arbeidd med parkeringsordning og p-tilbod Førde sør
- Kommunehus og sikre innhald i dei
- EØS prosjekt med Opozno i Polen i reg i av KS


- Søknad prosjekt Malawi i regi av Norec
- Lokaldemokratiprojekt i regi av KRD
- Dagleg leiar for SySIKT Åge Klausen gjekk av med pensjon. Stein Mortensbakke vart tilsett som ny dagleg leiar og starta i stillinga 1. januar 2023.
- Tilsett advokatfullmektig for å følgje opp fagområde offentlege anskaffingar

5.1.3 Måloppnåing

- Dei fleste av personal-eininga sine må har vore retta mot tiltak som gjeld heile kommunen. Uavhengig av dette ser det heile tida fokus på korleis vi arbeider innan personalområdet: arbeidsprosessar og betring av verktøya.
- Service har jobba med fleire utviklingsoppgåver innan digitalisering (M365, tilgjengelegheitserklæring, websak?). Vi har fått på plass rutinar for vederlagsberekning og avgiftsområde/ eigedomsskatt. Vi har hatt opplæring av ny saksbehandlar for startlån og vidareutvikling av arbeidet i startlångruppa. Vi har hatt 2 samlingar i Service som har vore med på å bygge fellesskapskultur på tvers av lokalsjonar og arbeidsområde. Vi har gjennomført medarbeidarundersøking med godt resultat.
- SySIKT har for 2022 ferdigstilt arbeidet med å få siste samarbeidskommunen Luster inn i det samla styringssystemet. Samtidig er det inngått intensjonsavtale om samarbeid mellom SySIKT og IKT Nordfjord.
- Rekneskap og løn har etablert to grupper (rekneskap og løn/fråvær) som har vekentlege møte for å fordele arbeidsoppgåver/Mengde og tiltak for å oppnå vedtekne mål. Det har vore stort press på løn/ fråvær spesielt på korona og KS avtalen. Det er prioritert opplæring innanfor løn/ fråvær for å betre kvaliteten og sikre inntekter/ refusjonar til kommunen.
- Fagutvikling har hatt eininga sine mål som tema på einingsmøte. Oppfølging av planstrategi, framdrift i utvikling- og omstillingsarbeid og eigenkontroll har stått sentralt i 2022. Vi har vekentlege møter der vi som regel også har eit fagleg tema kvar gong. I tillegg har eininga hatt lenger fagmøte (halve dagar) der fagleg utvikling har vore tema.
- Eininga for næring og samfunn har lagt til grunn måla om å skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst, og å skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen. Arbeidet er i stor grad eksternt retta mot samarbeidsaktørar utanfor kommunen. Vi arbeider tett med Sunnfjord utvikling.
- Kommuneadvokaten er ein rådgjevings- og støttefunksjon, og har derfor ikkje eige tiltaksplan med mål for drifta. Kommuneadvokaten fekk frå våren 2022 overført ansvar for rammeavtaler og støtte til einingane i anskaffingsprosessar. Fagleg utvikling og opplæring innan anskaffingsregelverket har derfor vore prioritert i eininga.

5.1.4 Kostra nøkkeltal

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innbygger



*) Justert for utgiftsbehov


**) Justert for inflasjon med deflator

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring består av fleire KOSTRA-funksjonar t.d. politisk styring, administrasjon, administrasjonslokale og felleskostnader.

Grafen viser at netto driftsutgifter har auka frå 2021 til 2022. Auken er noko høgare for Sunnfjord kommune enn for Kostragruppa og landet utan Oslo.

Netto driftsutgifter i Sunnfjord kommune er i 2022 litt høgare enn Kostragruppe 9 men lågare enn landet utan Oslo.

Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	582	454	466	412
Kostragruppe 09	405	304	335	321
Landet uten Oslo	471	378	419	396

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Netto driftsutgifter til politisk styring omfattar godtgjersle til folkevalde, tappt arbeidsforteneste og kostnader i samband med politiske møte. Sunnfjord kommune har lågare netto driftsutgifter i 2022 enn i 2021. Nivået er noko høgare i Sunnfjord kommune enn kostragruppe 9 og landet utan Oslo.

Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	5 475	5 097	3 877	3 947
Kostragruppe 09	3 955	3 768	3 606	3 533
Landet uten Oslo	4 270	4 144	4 159	4 047

*) Justert for utgiftsbehov


**) Justert for inflasjon med deflator

Netto driftsutgifter til administrasjon omfattar kommunedirektøren si leiargruppe og stabsfunksjonar. Denne funksjonen er av dei meir usikre samanlikningsgrunnlaget i kommunane. Kostra-rettleiaren si skildring av skilje mellom tenesteproduksjon og administrasjon vert ofte tolka ulikt i kommunane. Sunnfjord kommune hadde i 2020 netto driftsutgifter til administrasjon som er høgare enn både kostragruppe 9 og landet. I 2021 vart netto driftsutgifter redusert som følge av innsparingstiltak og endra rekneskapsføring av

kostnader som i 2020 var ført som administrasjon men som etter KOSTRA-rettleiar skal førast på andre funksjonar. Dette er vidareført i 2022. Kostnadane til administrasjon er noko auka i Sunnfjord medan Kostragruppa og landet utan Oslo har redusert kostnad til administrasjon i 2022.

Det er gjennomført innsparingar i 2022 men samtidig er det nokre kostnader som ikkje er fordelt tilsvarande som for 2021. Dette gjeld lisens for Microsoft som er kostnadsført i si heilheit på administrasjon framfor at 1,2 mill. kroner burde vore flytta til respektive funksjonar. Det same gjeld kjøp av tenester frå bedriftshelsetenesta som og er kostnadsført i si heilheit på administrasjon. Til sist er det fakturert 0,7 mill. kroner for mykje frå SySIKT i 2022.

Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet



Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet utgjør i hovudsak overføring av driftstilskot til Sunnfjord Utvikling. I tillegg er delar av løn til 2 tilsette i administrasjonen og rettssak i Høgsterett kostnadsført på denne tenesta. Rettssaka forklarar auken i kostnad frå 2020 til 2021. Samanlikna med Kostragruppe 9 og landet utan Oslo prioriterer Sunnfjord kommune dette tenesteområdet høgare.

5.2 Skule



5.2.1 Oppgåveområde

I tillegg til skulane omfattar sektoren Pedagogisk psykologisk tenestekontor (PPT) og Vaksenopplæring og integrering. Dei 14 skulane i Sunnfjord kommune varierer i storleik frå 7 elevar til 405 elevar. Frøysland skule vart lagt ned hausten 2022. Desse elevane vart flytta til Holsen skule og barnehage. Av 13 skular med barnesteg har 12 SFO tilbod (tabell 2). Det samla elevtalet hausten 2022 var på 2915 elevar. Elevtalet vil bli redusert med 324 elevar fram mot 27/28 (tabell 5.2.1)

Tabell 5.2.1: Endring i elevtal

Samla heile kommunen:											
År/steg:	1. kl	2. kl	3. kl	4. kl	5. kl	6. kl	7. kl	8. kl	9. kl	10. kl	Sum:
2022/2023	261	265	291	267	272	332	313	308	290	316	2915
2023/2024	253	261	265	291	267	272	332	313	308	290	2852
2024/2025	265	253	261	265	291	267	272	332	313	308	2827
2025/2026	254	265	253	261	265	291	267	272	332	313	2773
2026/2027	237	254	265	253	261	265	291	267	272	332	2697
2027/2028	226	237	254	265	253	261	265	291	267	272	2591

Opplæringslova med forskrifter er styrande for arbeidet i sektoren. I tillegg skal skulen arbeide etter overordna del av læreplanen og læreplanen (LK20) som har status som forskrift. Opplæringslova regulerer i tillegg til skule, vaksenopplæring (grunnskule) og PPT. For eininga Vaksenopplæring og integrering gjeld i tillegg introduksjonslova.

Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skular etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylt, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er naudsynte for at krava skal kunne oppfyllest.

Kommunen skal tilby ei skulefritidsordning som blir finansiert gjennom sjølvkostprinsippet. Kommunen står fritt til å organisere SFO, men ordninga skal regulerast i kommunale vedtekter. Vedtektene skal regulere tilbod, opningstider, innhald og bemanning.

Tabell 5.2.2: Oversyn over skular i sektoren

Skule	Lokalisering	Trinn	Elevtal	SFO
Flatene skule	Halbrend krins	1.-5.	225	Ja
Førde barneskule	Sentrum, Førde	1.-7.	244	Ja
Førde ungdomsskule	Sentrum, Førde	8.-10.	307	Nei
Halbrend skule	Halbrend krins, Førde	6.-10.	405	Nei
Holsen skule og barnehage	Holsen	1.-7.	51	Ja
Slåtten skule	Slåtten krins, Førde sentrum	1.-7.	360	Ja
Sunde skule	Sunde	1.-7.	164	Ja
Naustdal skule	Naustdal sentrum	1.-10.	340	Ja
Vevring skule	Vevring	1.-4.	7	Ja
Skei skule	Skei	1.-10.	137	Ja
Vassenden skule	Vassenden	1.-10.	256	Ja
Sande skule	Sande sentrum	1.-10.	279	Ja
Bygstad skule	Bygstad	1.-7.	94	Ja
Viksdalen skule	Viksdalen	1.-10.	46	Ja

5.2.2 Viktige hendingar

Det har vore stor aktivitet i sektoren i 2022. I skulen er det fokus på fagleg arbeid, og samhandling med UH sektoren om utvikling i skulen. Det har særskilt vore arbeidd med utvikling av pedagogisk leiing, vurdering og fagfornyng. Det blir samstundes arbeidd med tverrfaglege tiltak på tvers av sektorane, med fokus på samhandling og inkluderande praksis. Det er naudsynt å intensivere arbeidet med gode rutinar og kompetanse i å handtere komplekse saker i skulen. Sektoren blir utfordra på komplekse skulemiljø saker og elevar med samansette vanskar og åtferdsvanskar. Desse sakane krev ressursar og kompetanse på alle nivå for å bli følgt opp på ein god måte.

Arbeidet med å styrke PP-tenesta held fram. Frå hausten 2022 vart det tilsett logoped i PPT som skal arbeide inn mot barnehagane. Stillinga vart finansiert gjennom å omdisponere ressursar. PPT er ein vesentleg del av arbeidet med kompetanseløftet og inkluderande praksis. PPT må difor bygge eigen kompetanse og formidle kompetansen vidare ut mot skular og barnehagar.

På grunn av krigen i Ukraina og busetjing av ukrainske flyktingar, har det vore eit stort press på eininga Vaksenopplæring og Integrering. Eininga hadde bygd ned kapasiteten og i 2022 må kapasiteten byggast opp. Eining har busett 153 flyktingar i 2022 og det er gjort ein stor innsats for å få desse på plass med bustad, skule, barnehage, helsetilbod og opplæring. Eininga sitt arbeid har vore prega av den spesielle situasjonen i 2022.

Skule

- Arbeida vidare med å implementere fagfornyinga, overordna del og læreplanar LK20
- Samarbeid med HVL om å implementere den nye læreplanen (LK20) gjennom DEKOMP samarbeidet.
- Følgje opp den digital kompetanse i skulen, gjennom rettleiing og fagdagar for lærarane.
- Implementere rutinar for å handtere skulemiljø-saker etter kap. 9 i opplæringslova
- Endringane i skulen er omfattande og skuleeigar har ansvar for å legge til rette for kompetanseutvikling og prosessar som medfører endring. Det er utarbeidd ein strategiplan for arbeidet i Sunnfjord kommune. Strategiplanen inneheld tiltak på leiarnivå og skulenivå.
- Dei etablerte nettverka mellom skulane er vidareført, slik at dei kan dele erfaring og kompetanse. Nettverka er bygd rundt skulane som samarbeider med HVL. Når nye skular skal samarbeide med HVL, vil dei overta leiinga av nettverka.
- Bygge opp rettleiarkompetanse i skulen i samarbeid med HVL og PPT. Det er gjennomført kurs i Class og fleire lærarar er blitt sertifisert som Class-rettleiarar.
- Plan for framtidig bruk av skulane er følgt opp. Frøysland skule vart lagt ned til sommaren 2022 og elevane overført til Holsen skule og barnehage
- Tverrfagleg satsing gjennom tverrfagleg samhandlingsmodell, ressursteam og BTI.
- Felles konferanse for alle tilsette i barnehage og skule med fokus på samhandling og inkluderande praksis. Konferansen vart arrangert 4. november
- Skulefråværsprosjektet til Sunnfjord kommune har hatt god framgang i 2022
- Leiarutvikling i skulen med fokus på pedagogisk leiing, 5 samlingar
- Samarbeid med vidaregåande opplæring om elevvurdering. Vidareføring på eigne skular.
- Tilrettelagt forsterka skular for mottak av Ukrainske elevar.

SFO

- Innføring av reviderte vedtekter, tilbud og prisar som føl ordninga med 12 timars gratis kjernetid for 1. klasse.
- Ordninga med maks grense på brukarbetaling i SFO vart utvida til 1. og 2. trinn. Maks grensa er sett til 6% av bruttoinntekta.
- Gratis kjernetid for 1. trinn frå 1. august 2022
- Arbeidet med rammeplanen for SFO er starta opp. Arbeidet har som mål om å lage ein standard for det faglege arbeidet i SFO.

Pedagogisk psykologisk tenestekontor (PPT)

- Innføre handbok for spesialundervisning i Sunnfjord kommune
- Styrke arbeidet for å redusere ventelista og arbeide meir systemisk i skular og barnehagar.
- logoped som kan følgje opp behovet i skulane.
- Tilsett logoped som kan følgje opp behovet i barnehage.
- Utdrøningar med rekruttering slik at logoped stilling og fagstillinga har stått vakant i store deler av 2022.
- Stillingar som har stått vakante har påverka arbeidet med å redusere ventelistene.

Vaksenopplæring og integrering

- Tenesta har busett 153 flyktningar i 2022, dei aller fleste er Ukrainske flyktningar
- Tilpasse tenestene til auka aktivitet med 4 programrådgjevarar og 4 lærarar i 2022

5.2.3 Måloppnåing

I skulen er det mange målbare indikatorar og måloppnåing handlar om skulen sine resultat på elevundersøkinga, nasjonale prøvar, eksamen og grunnskulepoeng. Grunnskulepoeng er det samla resultatet når standpunktkarakterane er sett ved avslutning av grunnskulen. Det vart ikkje gjennomført eksamen i 2021.

Sunnfjord kommune har som mål å ligge over nasjonale nivå på dei målbare indikatorane i 2022. Elevundersøkinga viser høg trivsel og det er mindre mobbing enn landsgjennomsnittet. Likevel ser vi ein auke i mobbing frå 2021 til 2002. Den same auken skjer på landsplan og er større enn i Sunnfjord kommune. Elevane er mindre motivert for skulearbeid enn landsgjennomsnittet. Trenden er samanfallande med utviklinga i landet, og nedgangen i motivasjon

På 7. trinnet svarar 6,2% av elevane at dei blir mobba. Tilsvarende tal for 2021 var 2,5%. På nasjonale prøvar for 5. trinn prøvar ligg Sunnfjord kommune over i landssnittet i lesing og rekning. I engelsk er resultatet som landssnittet. Det er ein auke frå 2021 i lesing og rekning.

Mobbing på 10 trinnet har auka frå 2021, frå «null» til 5,5 prosent. Resultatet på nasjonale prøvar på 8. trinnet viser ein oppgang i engelsk og rekning i høve landssnittet. I lesing er resultatet uendra og er det same som landssnittet.

Nasjonale prøvar på 9. trinn er på nasjonalt nivå i lesing. I rekning er resultatet godt over landssnittet. Det blir ikkje målt resultat i engelsk.

Samla sett har grunnskulen i Sunnfjord kommune gode resultat, men det må arbeidast systematisk for å auke motivasjonen til elevane, kontinuerleg arbeide for å redusere mobbing og fokusere fagleg særleg på engelsk og lesing. Med det fokus vi har på arbeidet med mobbing og arbeidet som blir gjort ute på skulane, er det ei bekymringa at mobbetala likevel aukar.


Samla sett stadfestar resultata, at skulane i Sunnfjord kommune gir innbyggerane gode tenester.

Utfordringa med rekruttering og vakante stillingar har som konsekvens at PPT ikkje har fått reduserte ventelister. PPT arbeider godt systemisk og fagleg og med stillingar på plass, vil ventelistene blir redusert.

Vaksenopplæring og Integreringa har hatt eit krevjande år, og etter ei nedbygging i 2021 har tenesta bygd opp igjen kapasitet i 2022. Eininga har saman med dei andre tenestene som er involvert i arbeidet med flyktningar , gjort ein stor innsats med å busette 153 flyktningar i 2022. I 2022 har Sunnfjord kommune vedteke å busette 150 flyktningar og målet er såleis nådd.

5.2.4 Kostra nøkkeltal

Netto driftsutgifter per innbyggjar grunnskule




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	14 078	13 530	14 532	15 341
Kostragruppe 09	11 901	11 874	12 756	13 275
Landet uten Oslo	11 819	11 783	12 490	12 787

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

I Sunnfjord kommune blir det nytta 15 341 kroner til grunnskule per innbyggjar. Tilsvarende tal er 13 275 for Kostragruppe 09 og for landet utan Oslo er 12 787. Det er ein auke frå 2021 til 2022 på 809 kroner. Det er i hovudsak skulestrukturen med mange mindre skular som er årsaken til at Sunnfjord kommune nyttar meir til grunnskule enn dei vi samanliknar med.

Elevar per kommunal grunnskule




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	191	189	196	208
Kostragruppe 09	244	243	245	246
Landet uten Oslo	228	230	231	234

Diagrammet viser at skulane i Sunnfjord kommune har i gjennomsnitt færre elevar enn kostragruppe 09 og landet utan Oslo. I Sunnfjord er det 208 elevar i gjennomsnitt per skule. I kostragruppe 09 et talet 246 og i landet utan Oslo er det 234 elevar per skule. Talet har samanheng med kor mykje det blir nytta til grunnskule per innbyggjar. Fleire små skular gir

utslag på elevtal i gruppene. I Sunnfjord kommune er gjennomsnittleg elevtal 11,1 og i kostragruppe 09 13.1 elevar.


Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		8,2 %	8,2 %	6,0 %
Kostragruppe 09		7,4 %	7,6 %	7,7 %
Landet uten Oslo	7,8 %	7,8 %	7,9 %	7,9 %

Sunnfjord kommune ligg under Kostragruppe og landet utan Oslo når det gjeld spesialundervisning. Det er ein reduksjon på 2,2 % frå 2021 til 2022.

Netto driftsutgifter til skulefriditstilbod (SFO), per innbyggjar




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		316	308	434
Kostragruppe 09		280	262	311
Landet uten Oslo	254	313	326	363

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

SFO har høg dekningsgrad i Sunnfjord kommune og netto driftsutgifter per innbyggjar er på 434 kroner. I kostragruppe 09 er tilsvarende tal 311 kroner og landet utan Oslo 363 kroner. Samanlikna med landet nyttar Sunnfjord kommune meir per innbyggjar på SFO.

Netto driftsutgifter per innbyggjar vaksenopplæring



*) Justert for utgiftsbehov

***) Justert for inflasjon med deflator

Diagrammet viser at det i Sunnfjord kommune blir nytta meir på vaksenopplæring per innbyggjar enn i kostragruppa 09, som nyttar 280 kroner. I landet utan Oslo blir det nytta 327 kroner. Sunnfjord kommune nyttar 301 kroner som har samanheng med busetjing av 153 flyktningar i 2022.

	2018	2019	2020	2021
Sunnfjord	109 216,1	113 996,3	105 959,7	115 339,8
Kostragruppe 09	102 045,5	103 284,7	99 383,3	104 918,1
Landet uten Oslo	105 818,8	107 757,4	103 892,5	107 832,3



5.3 Barnehage

Sektoren omfattar 18 kommunale barnehagar, og 8 private barnehagar. Totalt 26 barnehagar med svært ulik storleik, frå den største kommunale barnehagen med 84 barn til den minste barnehagen som tel 4 barn.

Barnehagen sitt samfunnsmandat er fastsett i barnehagelova. Barnehagen er eit pedagogisk tilbod, som i samarbeid og forståing med heimen skal ivareta barna sine behov for omsorg og lek, samt fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

Barnehagane har fokus på å yte gode tenester til det beste for barn og foreldra. Barn og foreldre skal oppleve at dei får eit pedagogisk tilbod av høg kvalitet, forankra i god fagleg kompetanse.

Barn i barnehage i Sunnfjord kommune				
Årskull	2022		2021	
	Kommunale	Private	Kommunale	Private
2015			6	0
2016	2	1	174	77
2017	187	74	187	75
2018	186	73	176	77
2019	168	96	167	97
2020	150	76	121	72
2021	133	72	4	9
2022	2	17	0	0
Samla tal barn i barnehage	828	409	835	407

5.3.1 Viktige hendingar

- Barnehagane jobbar målretta med fagområda i Rammeplan for barnehage, samt med dei faglege måla som ligg i årsplanen for den einskilde barnehage
- Barnehagane jobbar med inkluderande barnehagemiljø.
- Barnehagesatsing/barnehagenettverk i regi, og samarbeid med NAV. Målet med satsinga er å auke nærværet i barnehagane, gjennom målretta tiltak for å redusere sjukefråværet i kommunale barnehagar. Satsinga skal gje auka leiarkompetanse knytt til førebyggjande arbeidsmiljøarbeid og sjukefråværsoppfølging.
- Einingsleiarar, assisterande einingsleiarar og nokre pedagogiske leiarar har gjennomført kurs i klart språk. Kurset har gitt ei innføring i korleis barnehagesektoren skal nytte eit korrekt, klart og brukartilpassa språk i sin kommunikasjon ut til brukarane. Sektoren kjem til å jobbe vidare med klart språk, og skal gjennomføre kurs i klart språk for alle pedagogisk tilsette i barnehage.


- Utviklingsarbeid i barnehage. Eit utval barnehagar fekk i 2022 tildelt regionale kompetansemidlar frå Statsforvaltaren. Tildelinga vert gjort basert på søknad frå barnehagar som ynskjer å gjennomføre eit utviklingsarbeid. Utviklingsarbeidet er eit samarbeid mellom barnehagar som får midlar, og høgskulesektoren. Det er avgrensa kor mykje midlar som vert delt ut kvart år og målet på sikt er at alle barnehagane skal få mildar til eigne utviklingsprosjekt.
- Barnehage, skule og helse hadde felles planleggingsdag i november med tema inkluderande praksis?
- Barnehagane har eit auka sjukefråvær i 2022
- Sektoren jobbar med utarbeiding av plan for framtidig struktur av barnehagar i Sunnfjord kommune. Planen skal arbeidast vidare med for å kartlegge behovet for barnehageplassar i framtida.
- Barnehagesektoren har hatt kontinuerleg barnehageopptak i 2022, og hatt opptaksmøte kvar månad frå avslutta hovudopptak. Dette har vore eit ressurskrevjande arbeid, med høge kostnader. I samband med kontinuerleg barnehageopptak vart det oppretta nye barnehageplassar i Førde, Naustdal, Vassenden, Skei og Bygstad frå 01.01.22. Dette er barnehageplassar som medfører høge kostnader for Sunnfjord kommune. Dette då sektoren rapporterer tal barn pr 15.12 og får tilskot basert på rapportering. Barn som startar i barnehagen etter 15.12 eit år vert ikkje med i rapportering før 15.12 året etter. Dei barna som vart tildelt barnehageplass frå 01.01.22 vert først tatt med i rapportering 15.12 inneverande år. Barnehagane måtte i samband med kontinuerleg barnehageopptak tilsette personale i høve pedagog- og bemanningsnorm. Av omsyn til kor barnehagane er plassert geografisk har det ikkje vore høve til å samarbeide om tilsetjing av personale.

5.3.2 Måloppnåing

- Einingane i barnehagesektoren har jobba med å styrke vi-kjensla som eit ledd i kommunesamanslåing. Vi er EIN og saman blir vi drivande gode har vore gjennomgåande tema i møte med einingsleiarar, og i den einskilde barnehage.
- Einingane i sektoren har jobba med å sikre gode og likeverdige tenester med høg kvalitet.

5.3.4 Kostra nøkkeltal

Netto driftsutgifter per innbygger til barnehage



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	10 805	11 070	11 805	12 250
Kostragruppe 09	9 113	9 297	9 580	9 789
Landet uten Oslo	8 932	9 011	9 455	9 515


*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Netto driftsutgifter til barnehage er 12 250 kroner. Tilsvarende tal er 9 789 kroner for Kostragruppe 09 og for landet utan Oslo er 9 515 kroner. Det er ein auke frå 2021 til 2022 på 445 kroner.

Det vil seie kommunen driv barnehage dyrare enn Kostragruppa 09. Det er fleire små barnehagar i kommunen, og barnehagar som ikkje er fylt opp med barn i forhold til areal og plass som er tilgjengeleg. Barnehagar som har ledige plassar fører til auka kostnader for Sunnfjord kommune, i tillegg til at det gir auka tilskot til private barnehagar.

Netto driftsutgifter per innbygger – styrka tilbod til førskulebarn



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	883	980	1 098	1 161
Kostragruppe 09	770	805	879	910
Landet uten Oslo	800	787	859	868


*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Netto driftsutgifter til styrka tilbod til førskulebarn 1 161 kroner. Tilsvarende tal er 910 kroner for Kostragruppe 09 og for landet utan Oslo er 868 kroner. Det er ein auke frå 2021 til 2022 på 63 kroner.


Tal barn som får spesialpedagogisk hjelp er høgare i Sunnfjord kommune enn kostragruppe 09. Dette kan skuldast mange og omfattande vedtak, og ikkje nødvendigvis høgare utgifter per. barn.

Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	67,5 %	68,0 %	67,3 %	67,0 %
Kostragruppe 09	37,9 %	37,8 %	37,7 %	37,7 %
Landet uten Oslo	49,9 %	49,6 %	49,6 %	50,4 %

Sunnfjord kommune har høg dekningsgrad av tal barn i kommunale barnehagar samanlikna med kostragruppe 09. Det er her viktig å merke seg barn under 1 år som har plass i barnehage. Barn under 1 år har ikkje rett til plass i barnehage. Kommunen får ikkje rammetilskot for å gje plass til desse barna. Andel barn i kommunal barnehage er 67 %. Noko som er høgare enn kostragruppe 09, som ligg på 37,7 %. Det er vanskeleg å seie om dette er bra eller ikkje. Tilskotet til privat barnehagar blir rekna ut etter kostnaden med å drive dei kommunale barnehagane.



5.4 Helse og sosial

5.4.1 Oppgaveområde

Sektoren omfattar einingane Fysio- og ergoterapitenesta, Helsestasjon, Barnevern, Aktivitetseininga, Psykisk helse og rus, Legetenesta og NAV. Helse- og sosialsektoren bidreg med viktige støttetjenester inn til dei andre sektorane. Sektoren har fokus på tidleg innsats, treffe med rett tiltak og sette i verk ulike former for førebyggjande arbeid som skal bidra til redusert behov for tenester i framtida. Sektoren har ein sentral rolle i det tverrfaglege samarbeidet rundt brukarar.

5.4.2 Viktige hendingar

- Fysio -ergoterapitenesta har starta opp treningsgrupper i alle sone, og gjennomfører førebyggjande heimebesøk i lag med Aktivitetseininga for alle som fyller 75 år.
- Alle hjelpemiddelteknikkarane er no samla i ei teneste, Fysio – ergoterapitenesta
- oppstart av regional sjukefråværsavdeling frå januar 2022 i NAV.
- Barnetrygd blir halden utanfor i utmåling av behov for sosialhjelp frå 01.09.22.
- Opninga av HUS 4 i Naustdal, dagtilbod for personar med demenssjukdom
- Oppstart Møteplass for pårørende innan psykisk helse er etablert
- Våren 2022 vart stillinga samordningskoordinator for barn og unge oppretta
- Oppstart av førebyggjande plan for barn og unge «Saman om ein god oppvekst»
- Psykisk helse og rus vart rådgivande eining for russaker der ungdom er involvert

5.4.3 Måloppnåing


- Sektoren har for 2022 sett mål at alle rutinar skal vere på plass i dokumentstyringsmodulen. Dette har einingane jobba godt med og er omtrent i mål.
- Sektoren har og hatt som mål å bygge felles kultur for forståing og bruk av avvikssystemet i einingane, og dermed auke tal relevante avvik. Dette har det vorte jobba godt med gjennom året
- Alle einingar i sektoren har starta på å lage ein kompetanseplan for eininga, og fleire er ferdige
- Sektoren har fortsatt hatt stort fokus på utvikle likeverdige tenester i heile Sunnfjord kommune. Med knappe ressursar vil dette vere sårbart og ein vil til ei kvar tid gjere vurderingar i forhold til kvalitet og kapasitet. Sektoren har i mange tenester fordelt tilgjengeleg fagressurs ut i heile kommunen. Dette kan ha ført til redusert kvalitet og

kapasitet på tenestene innanfor ulike fagområde. T. d, Fysioterapi, frivilligarbeid, frisklivstilbod, tiltakstenestene for barn og unge osv..

- Sektoren har og i 2022 gjennom einingsleiargruppa arbeida med å betre tverrfagleg samarbeid, både på leiarnivå og tenestenivå, spesielt innanfor sektoren, men og ut i andre sektorar. Dette er eit kontinuerleg arbeid.
- Sektoren har hatt fokus og hatt som målsetting gjennom visjonen og verdiane at einingane skal:
 - skape ein kultur for å ha felles forståing for kvarandre
 - Implementerer kommunikasjonsstrategien i einingane og jobbar med kva det betyr for sektoren
 - Framsnakke
 - Utvikle felles møteplassar

5.4.4 Kostra nøkkeltal


Netto driftsutgifter per innbygger til Barnevern



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	2 279	2 343	2 477	2 934
Kostragruppe 09	1 779	1 804	1 978	2 569
Landet uten Oslo	1 834	1 868	2 002	2 488

Alle kommunar har hatt betydeleg auke i kostnadene i frå 2021 til 2022, dette grunna barnevernsreforma og overføring av økonomisk ansvar i frå BUFETAT til kommunane. Barnevernet i Sunnfjord kommune har ikkje auka netto driftsutgiftene med like mykje som landet og kostragruppe 9. Sunnfjord kommune ligg fortsatt godt over landssnittet, dette er truleg på grunn av kjøp av tenester og tiltak, der kommunen ligg høgt. Som ein vil sjå av grafane under er Sunnfjord barnevern på rett veg i forhold til kostnader i tenesta.

Netto driftsutgifter per innbygger (251) tiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	422	264	326	291
Kostragruppe 09	313	308	339	326
Landet uten Oslo	314	310	304	317

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Denne grafen viser utgifter som barnevernet har på tiltak i heimen per. innbygger. Barnevernet går i frå å ha lege midt i mellom kostragruppe 9 og landet til å ligg under begge. Dette kan skuldast at Sunnfjord barnevern har eit godt fungerande familieteam som løyser mange av tiltaka i heimen.

Netto driftsutgifter per innbygger (252) tiltak når barnet er plassert av barnevernet




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1 434	1 635	1 408	1 668
Kostragruppe 09	923	976	973	1 310
Landet uten Oslo	959	1 007	1 010	1 263

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Grafen viser kostnader per. Innbygger som Sunnfjord barnevern har på plassering av barn. Barnevernet ligg godt over landssnittet og kostragruppe 9. Auken har vore stor både for kostragruppa og landet, dette skuldast nok endringar i samband med barnevernsreforma, større eigenandel ved plassering. Skilnaden mellom kommunen og kostragruppe 9 har gått ned noko. Barnevernet har nokre dyre plasseringar som nok gjer utslaget her. Truleg vil dette endre seg noko i rett retning for 2023 og 2024, då vi er i gang med å overføre tiltak til kommunen. Dette er eit område som ein bør gå nærmare inn på for å sjå kvifor Sunnfjord kommune skil seg ut.

Netto driftsutgifter per innbygger (232) forebygg. Helsestasjon- og skulehelseteneste




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	926	963	980	988
Kostragruppe 09	811	808	922	931
Landet uten Oslo	783	783	860	873

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Sunnfjord kommune ligg over både landssnittet og kostragruppe 9 i driftsutgifter på forebyggande helsestasjons og skulehelseteneste. Kostnadene har i dei siste åra vore nokolunde stabile, medan kommunane i kostragruppe 9 har hatt større auke.

Netto driftsutgifter per innbygger (233) anna forebyggande helsearbeid




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	124	270	924	471
Kostragruppe 09	237	311	737	546
Landet uten Oslo	266	407	847	588

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

I denne grafen kjem kostnader til koronaoppfølginga med, derfor ligg alle kommunar mykje høgare i 2021. Vi ser av grafen at Sunnfjord kommune har klart å ta ned att kostnader meir enn både kostragruppa og landet.

Netto driftsutgifter per innbygger til Kommunehelse




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	4 038	4 051	4 721	4 348
Kostragruppe 09	3 327	3 707	4 538	4 390
Landet uten Oslo	3 346	3 742	4 495	4 238

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Utgiftene til kommunehelsetenesta har lege like over kostragruppe 9 og landssnittet. I 2022 har kommunen gått under kostragruppa på utgifter per. innbygger, men er fortsatt like over landet.

Netto driftsutgifter per innbygger (273) arbeidsretta tiltak i kommunal regi




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	18	115	210	242
Kostragruppe 09	193	192	206	202
Landet uten Oslo	206	207	212	214

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Sunnfjord kommune ligg nå over både landssnittet og kostragruppe 9 på utgifter per. Innbygger på arbeidsretta tiltak i kommunal regi. Dette kan skuldast satsing på jobbstøttstillingar. Dette kan og ha samanheng med lågare utbetaling på økonomisk sosialhjelp.

Netto driftsutgifter per innbygger (281) økonomisk sosialhjelp




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1 735	1 391	1 161	1 158
Kostragruppe 09	1 402	1 334	1 233	1 365
Landet uten Oslo	1 375	1 298	1 204	1 350

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Netto driftsutgifter per innbygger på økonomisk sosialhjelp har i dei siste åra hatt ein nedgåande kurve både i Sunnfjord og landet. For 2022 har kostnadene gått opp i landet, medan kurva fortsatt er nedgåande for Sunnfjord. Dette bør sjåast i samanheng med førre graf som viser at Sunnfjord kommune brukar meir på arbeidsretta tiltak.

Netto driftsutgifter til sosialtenester per innbygger




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	3 007	2 767	2 557	2 481
Kostragruppe 09	3 190	3 004	2 932	3 162
Landet uten Oslo	3 377	3 228	3 177	3 319

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Driftsutgiftene til sosialtenesta har i dei siste åra hatt ein nedgåande kurve og ein kan sjå det i ein samanheng med at ein har fleire tiltak for å få sosialhjelpsmottakarar i arbeid. Snittet for landet og kostragruppe 9 går opp i 2022.

Dekningsgrad – del mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde



Desse grafane viser kor stor del av sosialhjelpsmottakaren som har økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskilde. Vi ligg langt under både landet og kostragruppe 9.



5.5 Omsorg

5.5.1 Oppgaveområde

Sektoren omfattar institusjonstenester/omsorgssenter, heimetenester, bu- og miljøtenester, bu- og avlastingstenesta, butiltak psykisk helse, tildelingseininga, kjøkkentenesta og bemanningseininga. Til saman 23 einingar. Omsorg har fokus på å yte dei gode tenestene, i samarbeid med andre tenester. Brukarane skal kjenne tryggleik gjennom at tenesteytinga er forankra i god fagleg kompetanse, sosial og kulturell tilhøyrgheit, og god etisk tilnærming. Rett teneste til rett tid på beste effektive omsorgsnivå (BEON) er eit mål. Det er fokus på å samarbeide på tvers for å få dei beste løysingane for å imøtekomme brukar sitt behov, og å vere innovative i tenesteytinga. Sektoren bidreg aktivt i tenesteutvikling.

5.5.2 Viktige hendingar


- Koronapandemien har prega drifta første halvår. Restriksjonar påverka organisering av tenestene, som igjen førte til auka ressursbruk
- Bemanningseininga vart etablert. Eininga skal bidra til vikaradministrasjon og turnusarbeid i turnuseiningane. Eininga samarbeider med SYS IKL om personalressursar
- Sektoren har jobba med harmonisering, samhandling og felles rutinar og prosedyrar
- E-helse og digitalisering i omsorgstenestene har hatt eit stort fokus. Det vart tilsett trainee på innovasjon og digitalisering
- Sunnfjord kommune er prosjekteigar for E-helse Vestland som jobbar med å digitalisere helsetenester, m.a. implementere og spreie bruk av velferdsteknologi i tenesteytinga i Vestland fylke. Gjennom store delar av året har det vore ein planleggingsprosess for å samordne E-helse Vestland og Digi Vestland
- Kvalitetsreforma «Leve heile livet», der målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å meistre livet, har vore jobba med gjennom heile året. Reforma har fokus på: eit aldersvenleg Noreg, aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp og samanheng i tenestene. Plan for omsorg 65+ har vore under utarbeiding i 2022, og har tittelen «Leve heile livet i Sunnfjord»

5.5.3 Måloppnåing

- «Vi-kjensla» er i stor grad på plass. Det er etablert fleire samhandlingsfora på tvers av einingar og sektorar. Dette er kontinuerleg arbeid
- Det er god utnytting av ressursane i einingane, men behovet for tenester er aukande. Det er eit meir komplekst sjukdomsbilete og kravet til god kompetanse er stort. Sektoren vart tilført ekstra årsverk i 2022 basert på auka tenestebehov. Vel 4 av desse årsverka er dratt inn att som følgje av innsparingstiltak og eit redusert tenestebehov i enkelte einingar
- Registrering av nøkkeltal i omsorgssenter og i heimetenestene er gjennomført
- Overordna strategisk kompetanseplan er utarbeidd. Einingane starta arbeid med einingsvis kompetanse- og opplæringsplan
- Utviklingsarbeid ved omsorgssentera: kartlegging av m.a. arbeidsoppgåver mellom faggruppene er gjennomført og forslag til tiltak vert jobba med vidare
- Utviklingsarbeid i heimetenestene er starta. Oppgåvefordeling og bruk av velferdsteknologi er særskilde fokusområde
- Bu- og miljøtenestene vart med i KS sitt «Læringsnettverk for tenester til personar med utviklingshemming» og fagnettverk for å implementere ny rettleiar
- Velferdsteknologi er ein del av tenesteytinga. Gevinst av velferdsteknologiske løysingar, kvalitetsgevinst for brukar og sparte kostnadar for kommunen, må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Eit av måla med velferdsteknologi er å bremse behovet for nye ressursar, men og å gje brukarane meistring og handlingsfridom
- Sektoren har dedikerte arbeidstakarar som gir gode tenester til brukarane. Det er gjennomført medarbeidarundersøking og brukarundersøking i 2022
- Sektoren har etablert eit godt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL) og vidaregåande skular om gode praksisplassar
- Sektoren jobba målretta for å redusere sjukefråværet. Dette er kontinuerleg arbeid. Det har vore ei positiv utvikling i 2022 der færre einingar har eit sjukefråvær over 10%, og ingen einingar har eit sjukefråvær over 16,5%
- Sektoren bidreg i utviklingsarbeid både innan velferdsteknologi, demensomsorg, kreft- og lindrande behandling

5.5.4 Kostra nøkkeltal

Netto driftsutgifter per innbyggjar i krone, til Pleie og omsorgstenester




*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester ligg om lag på same nivå som kostragruppe 09. Driftsutgiftene har auka med ca. kr 600 per innbyggjar frå 2021 - 2022. Ei av forklaringane på det er styrking av omsorgssektoren med fleire årsverk i 2022. Kostragruppe 09 og landet har hatt ein større auke.


Pleie- og omsorgstenestene er organisert i mange einingar og fleire einingar har kostnads- og ressurskrevjande tenester.

Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuar på institusjon



Andel innbyggjarar over 80 år som bur i institusjon er litt høgare enn i kostragruppe 09, men er på nivå med landet.


Mottakarar av heimetenester per 1000 innbyggjarar



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	41	43	46	47
Kostragruppe 09	42	42	42	42
Landet uten Oslo	41	41	42	42

Mottakarar av heimetenester er om lag dobbelt så mange som i kostragruppe 09 og landet. Talet har ein liten auke frå 2021. Talet seier ikkje noko om tenestebehovet hos den enkelte brukar, men stadfestar at kommunen satsar på heimebaserte tenester i organiseringa av omsorgstenestene.

Plasser i institusjon i prosent av innbyggjarar 80 år over



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	15,7 %	15,3 %	15,2 %	15,3 %
Kostragruppe 09	16,3 %	15,7 %	15,3 %	15,1 %
Landet uten Oslo	17,8 %	17,3 %	16,9 %	16,5 %

Plasser i institusjon i prosent av innbyggjarar over 80 er på nivå med kostragruppe 09. Skei omsorgssenter har 25 langtids plassar/omsorgsbustadar med heildøgns omsorg og pleie. Desse plassane vert tildelte som institusjonsplassar, men er ikkje med i kostratalet. Desse

plassane vert rapporterte/registrerte som omsorgsbustadar. Dersom vi hadde rapportert omsorgsbustadane med heildøgns omsorg som sjukeheimsplassar, ville vi vore på nivå med landet.

5.6 Kultur og idrett



5.6.1 Oppgaveområde

Sektoren omfattar einingane Kultur og ungdom, Idrett og friluftsliv, Kulturskule og Bibliotek.

Oppgåvene, aktiviteten og tenestene i einingane er svært ulike, og det blir difor rapportert for kvar einiskild eining nedanfor.

5.6.2 Viktige hendingar

- Koronasituasjonen sette sitt preg på sektoren med nedstenging og restriksjonar i byrjinga av 2022.
- Etter opninga av samfunnet har publikumsbesøk, utleige og sal av tenester gradvis kome opp mot normalnivå att, og store arrangement har kunna avviklast som normalt både innan kultur og idrett.

Kultur og ungdom

- Etter opninga av samfunnet etter koronarestriksjonar frå februar månad, har ein kunna arrangere større konsertar, festivalar og kinoframsyningar med aukande publikumsdeltaking, særleg mot slutten av året.
- 17. mai-feiringa kunne gå føre seg som normalt i heile kommunen etter to år med korona-restriksjonar, og hovudfeiringa i Førdehuset fekk nytt innhald med fleire kulturelle innslag og meir profesjonelt teknisk opplegg.

Idrett og friluftsliv

- Nytt lysanlegg for skianlegg i Instedalen og turveg Jarane-Grimsetmarka vart ferdigstilt.
- Kartlegging av friluftsområde vart ferdigstilt og kartlegging av friluftslivets ferdselsårer er starta opp.
- Fleire tilsyn i høve lysløyper, fotballbaner m.m. er følgt opp med tiltak der det har vore naudsynt.

Kulturskulen

- Kulturskulen starta nytt teatertilbod med 70 elevar, i samarbeid med Teater Vestland.
- Kulturskule 3.0-prosjektet med «Frode laks» vart implementert i alle barnehagar og skular i Sunnfjord. Dette er eit samskapingsprosjekt mellom Kulturskulen, barnehage og skule, og skal lette overgangen mellom barnehage og skule ved hjelp av kulturelle attkjenningsselement.
- Kulturskulen hadde gode samarbeid med Gloppen musikkfest, Sogn musikkdagar og Førdefestivalen som både gjaldt elevar og tilsette.

- Kulturskulen arrangerte 7 konsertar gjennom *Lyarscener* og *Kling lunsjmusikk* med distriktsmusikarane. Distriktsmusikarane konserterte òg på alle omsorgsentra i kommunen.
- Det var gjennomført kunstutstilling i samarbeid med Sunnfjord kunstlag.

Bibliotek

- Skei kombinasjonsbibliotek ved Skei skule vart opna 13. juni 2022. Avdelinga fekk ein gledeleg utlånsauke på 40 % i 2022 samanlikna med 2020.
- Debattserien Reite i Ringen vart avslutta i 2022 etter å ha synleggjort biblioteket som debattarena sidan 2017 med 4-6 aktuelle samfunnsdebattar årleg.
- Det vart gjennomført formidlingsprosjekt i Bygstad skule og barnehage i regi av Sande bibliotek.
- Førde bibliotek var stengt 20. nov. 2022 - 12. jan. 2023 for ombygging til meirope bibliotek.

5.6.3 Måloppnåing

- Sektoren har utarbeidd opplærings- og kompetanseplan, med både felles tiltak og tiltak for kvar einskild eining.
- Det har òg vore fokus på dokumentstyringsmodulen, og det har vore køyrt internt kurs i høve dette.
- Sektoren har få meldte avvik. Dette kan ha samband med få forskriftsfesta tenester, men òg ulik kultur for kva ein melder som avvik i kommunen sitt avvikssystem. Mindre utfordringar vert ofte løyst på lågaste nivå utan at det vert meldt som avvik. Vidare rettleiing om bruk av avvikssystemet vert føljt opp i 2023.

Kultur og ungdom

- Arbeid med personal og HMS har vore prioritert dette året etter ein del sjukdom i eininga. Alle tilsette i eininga og tillitsvalde deltok på kurset *Helse i Arbeid* med assistanse frå NAV arbeidslivsenter. Som eit resultat av prosessen har ein arbeidd vidare med å utvikle HMS-handlingsplan m.m., som vil vere til hjelp i høve utvikling av eininga på fleire område.
- Det har elles vore arbeidd med å kome opp att på normalt aktivitetsnivå både i høve kultur- og ungdomsarbeid etter to år med koronarestriksjonar.
- Besøktal for kino- og kulturarrangement er på veg opp att slik oversikta under viser. Når det gjeld kinobesøk er det framleis lågare enn det var før pandemien. Dette er ein trend over heile landet, og det er for tidleg å seie om dette vil vere ei varig endring.

Besøktal (selde billetter)	2019	2020	2021	2022
Kino Førde	38 644	18 075	21 228	26 545
Kulturarrangement	19 074	9 192	7 003	25 419

Idrett og friluftsliv

- Eininga er framleis under oppbygging og nye oppgåver kjem til utan at eininga har fått tilført meir ressursar.
- Både utleige og tal spelemiddelsøknader aukar.
- Arbeidet med harmonisering held fram og det er ein krevjande balanse mellom forventningar til eininga og kapasitet.

- Utleige programmet *Aktiv-kommune* fungerer godt, og det er ynskjeleg å få all utleige av idrettsareal gjennom denne i framtida.

Søknader etter motorferdselslova

Årstal	2020	2021	2022
Tal saker	35	40	19
Innvilga	33	38	18
Avslått	2	2	1

Statsforvaltar stadfesta desember 2021 at helikoptertransport med hengande last ikkje er søknadspiktig. Sunnfjord kommune endra praksis etter dette, tal saker er difor lågare i 2022.

Spelemidlar

Årstal	2020	2021	2022	2023
Tal søknader	47	53	57	61
Godkjente	39	43	47	Under arbeid

Søknader vert levert kommunen i året før fristen til fylkeskommunen 15. januar.

Forskottering spelemidlar

Årstal	2020	2021	2022
Tal søknader	8	9	5
Søkt	2 000 000	1 712 000	3 113 000
Tildelt	2 000 000	1 712 000	2 984 000
Utbetalt	457 250	558 000	Frist juni 2023

Symjebassenget Førdehuset

Årstal	2019	2020	2021	2022
Tal badegjester	19 977	16 204	14 051	15031
Faste treningstider	538	250	487	546

Utleige idrettshallar

Idrettshall	Maks saltimar	Utleigd 2021	% 2021	Utleigd 2022	% 2022	Inntekter
Skei storhall*	5472	1667	30	3 011	55,0	346 779
Jølstrahallen*	4104	1455	36	1 863	45,4	179 867
Halbrendshallen*	4104	941	46***	2 214	53,9	265 669
Naustdalshallen*	4104	1712	42	1 234	30,1	110 160
Gaularhallen*	4104	1514	37	1 550	37,7	150 016
Førdehuset**	17100	17062	99,7	16724	97,8	702 992

*Rekna ut frå 6 timer utleige, 6 dagar i veka gjennom skuleåret (38 veker) som budsjettet bygger på.

** Fast utleige måndag-fredag gjennom skuleåret.

*** Nytt halve maks utleige for tala i 2021 då utleige starta hausten 2021.

Kulturskulen

- Sunnfjord vart valt ut til å delta i Kulturskule 3.0 - eit utviklingsarbeid i regi av KS og Norsk kulturskuleråd. Gjennom dette arbeidet har det vore gjennomført eit samskapingsprosjekt mellom Kulturskulen, barnehage- og skulesektoren.

- Kulturskulen har gjennomført eit nettbasert studie på Høgskulen i Innlandet - KulVFL (kulturskulebasert vurdering for læring) skuleåret 2021-2022.
- To tilsette tar PPU på Griegakademiet, og Kulturskulen har vore praksisskule for PPU-student.
- Kulturskulen har oppretta nytt teatertilbod og har opplevd ein auke i sal av muskar- og dirigent-tenester utover året i 2022.

Antal elevar	2019	2020	2021	2022
Unike elevar	477	445	472	498
Elevar på fleire fag	28	30	163	187
Totalt elevplassar	505	475	635	685

Seniorkoret med 61 medlemmer der Kulturskulen leverer dirigenttenester er ikkje med tala over.

Bibliotek

- Dei 6 biblioteka hadde besøksauke på 7,5% i høve 2021.
- Det var 102 108 utlån i 2022 inkludert fornyingar og 347 arrangement for barnehage, skule, foredrag, kurs og konsertar i 2022 mot 184 i 2021.
- Biblioteka har samla 93,5 opningstimar pr. veke måndag – laurdag, men det har vore periodar med stengt hovudbibliotek grunna ombygging av Førde bibliotek og flytting av Skei bibliotek.
- Eininga sitt mål for 2022 var å gjennomføre innsparingstiltak for bibliotek med investeringar og endringar i drift.

	2019	2020	2021	2022
Besøk	103 469	100 896	80 845	87 436
Utlån fysisk	90 389	88 896	100 752	74 090
Utlån ebøker	3 379	4 769	5 888	6 809


Fritids- og opplevingskort

Ved utgangen av 2022 var det registrert 50 brukarar av fritidskortet, - ei ordning med gratis fast aktivitet for barn og unge i låginntektsfamiljar. Ordninga har 17 tilbydarar innan idrett og kultur. Informasjon om og hjelp til registrering for å få ta del i ordninga er eit pågåande arbeid som det må haldast fokus på.

Kommunen har òg tilbod om opplevingskort. Alle 60 kort som var produsert, var utlevert i 2022, og det er aukande behov. Det er NAV som avgjer kven som får opplevingskort. Kvart kort gir 5 gratisbesøk til ulike opplevingar som kino, konsert, idrettsarrangement m.m. og det er høve til å ha med følgje (ven, forelder el.a.) Kommunen og eksterne tilbydarar er med i ordninga. Besøk på kino og i symjehall var dei mest populære aktivitetane. Skal ordninga utvidast, trengst grunnfinansiering av tiltaket, noko ein ikkje har per i dag.

5.6.4 Kostra nøkkeltal

Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	2 292	2 682	2 743	2 618
Kostragruppe 09	2 517	2 470	2 504	2 568
Landet uten Oslo	2 828	2 778	2 826	2 881

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Sunnfjord kommune ligg i underkant av landsgjennomsnittet når det gjeld netto driftsutgifter per innbygger på kulturfeltet, men litt høgare enn snittet i kostragruppe 09.

Aktivitetstilbud barn og unge nettdriftsutgifter beløp pr innbygger (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	59	104	63	63
Kostragruppe 09	182	188	196	196
Landet uten Oslo	205	185	194	221

**) Justert for inflasjon med deflator

Sunnfjord kommune ligg svært lågt i høve både kostragruppa og landsgjennomsnittet når det gjeld driftsutgifter til aktivitetstilbud til barn og unge.

Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular, per innbygger 6-15 år




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	3 067	3 242	3 275	3 091
Kostragruppe 09	2 524	2 480	2 614	2 575
Landet uten Oslo	2 975	2 901	3 017	2 925

****)** Justert for inflasjon med deflator

Netto driftsutgifter til kulturskule per innbygger 6-15 år ligg noko høgare enn gjennomsnittet i kostragruppa. Dette har m.a. årsak i at Sunnfjord kulturskule har 8 tilsette distriktsmusikarar som har 50% undervisning og 50% utøving.

Bibliotek netto driftsutgiftsbeløp per innbygger (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	325	325	343	356
Kostragruppe 09	338	291	290	291
Landet uten Oslo	338	324	326	323

****)** Justert for inflasjon med deflator

Sunnfjord kommune har noko høgare driftsutgifter per innbyggjar til drift av bibliotek enn gjennomsnittet i kostragruppe 09 og landsgjennomsnittet. Biblioteka har gjennomført innsparingskrav med omlegging av drifta, som kan endre dette biletet frå 2023.

Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg netto driftsutgiftsbeløp per innbyggjar (kr)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		499	701	656
Kostragruppe 09		586	598	622
Landet uten Oslo	657	674	726	736

***) Justert for inflasjon med deflator*

Sunnfjord kommune ligg i underkant av landsgjennomsnittet når det gjeld driftsutgifter til idrettsbygg og –anlegg i 2021, men noko høgare enn gjennomsnittet i kostragruppe 09. Kommunen vil ha 7 idrettshallar i kommunal eige frå 2023, som vert drifta gjennom samarbeidsavtalar med driftsstyre/idrettslag. Driftsutgifter innanfor skuletida er ført på skulesektoren.

5.7 Teknisk og miljø

5.7.1 Oppgaveområde

Teknisk og miljø femner om bygge- og eigeomsforvaltning, reinhald og vaskeri, teknisk drift, brann og redning, areal og byggesak, landbruk og miljø og VAR (vatn, avløp og renovasjon).

5.7.2 Viktige hendingar

- Bygg- og eigeomsutvikling fekk ny- einingsleiar frå 15.08.2022.
- Diverse nye stillingar på dei fleste einingane.
- Brann på FUSK, oppattbygging pågår.
- Konkurs og gjenoppstart av Bygstadhallen.
- Overtaking av Apotekargården.
- Mange ENØK-tiltak vart gjennomførde.


- Diverse takutskift.
- Ingen vesentlege endringar på Reinhald og vaskeri.
- Eining for brann og redning. Det blir arbeidd aktivt med å lukke pålegg frå arbeidstilsynet sine tilsyn frå 2016 om garderobetilhøva på brannstasjonane i Førde, Skei og Vassenden. Vedkommande Førde, så vart desse i hovudsak lukka i desember 2022, der mellombels løyve er gjeve til 15.01.2025.
- Planlegging av ny brannstasjon i Førde er påbyrja.
- Bygging av ny brannstasjonar på Vassenden og på Skei er påbyrja. Skal stå ferdig til medio oktober 2023, kanskje før.
- Arbeidet med samhandlingsplanen og evaluering av denne, har pågått i heile 2022 og er ikkje ferdig enno. Kontinuerleg prosess.
- Lønnsforhandlingar for 70 brannkonstablar om godtgjersle for beredskap utan vakt og radioterminal.
- Teknisk drift har tilsett nye og viktige medarbeidarar, som medfører auka kompetanse og kapasitet, og redusert arbeidspress. Ein er godt i gang med å skape ein meir samla organisasjon som arbeider effektivt og målretta.
- Ny trafikktryggleiksplan var ute på høyring hausten 2022. Vert endeleg handsama våren 2023.
- Det vart i år 2022 utarbeidd ein temaplan for veger og bruer i Sunnfjord kommune. Denne planen vil vere eit godt verktøy for den framtidige planlegginga av veg og bruvedlikehaldet.
- Innført ny saks- og søknadssystem for søknad om graveløyve, arbeidsløyve, sanitærabonnement og vassmålarar.
- Areal og byggesak har vore opptekne av å etablere endå betre dialog og skape ei føreseieleg forvaltning for brukarane.
- Det har vore vanskeleg å få tilsett ny oppmålingsingeniør i vakant stilling. Dette har ført til at det har vorte nokre avvik innan forvaltning etter matrikelova. Det vert arbeidd vidare med å få tilsett i den vakante stillinga.
- Landbruksforum Sunnfjord vart etablert mellom kommunen og faglaga (bondelag, bonde og småbrukarlag og skogeigarlag) i 2020. Forumet vert brukt til å utveksle informasjon om saker og prosjekt det vert jobba med enten i kommunen eller i faglaga. Forumet hadde to samlingar i 2022.
- Det vart handsama 869 søknadar om tilskot via statlege tilskotsordningar for jordbruksproduksjon, samla tilskotssum på 209 mill.kr.
- Det vart utarbeidd framlegg til kommunalt måldokument for hjorteforvaltning.
- VAR-området har hatt fleire av mannskapet på driftsoperatørkurs innan VA.
- VA-området har hatt gode resultat på mange områder. Her kan særskilt nemnast arbeidet som føregår med å redusere både lekkasje og innlekk, både for vatn og avløp.

5.7.3 Måloppnåing

- Genrelt sett, så er dette er eit kontinuerleg arbeid.
- Prioritere vedlikehaldsmidlar der det er størst behov.
- BEF har utført tilstandsanalysar og ENØK-analyser, laga ein vedlikehaldsplan og ENØK-plan og samla dokumentasjon for FDV.
- Reinhold og vaskeri arbeider kontinuerleg med å få gjennomført det som er planlagt for året.
- Reinhold og vaskeri har no som før, vore opptekne av å auke fagleg standard og kvalitet på tenesta.
- Teknisk drift og VAR har utarbeidd månadsvisе årsprognosar og har sterk fokus på ressursutnytting og økonomistyring, med særleg vekt på samarbeid, involvering og delegering. Med faste arbeidsmøte og samlingar, og månadleg oppsummering av driftsrekneskap og årsprognosar, byggjer teknisk drift og VAR eit godt lag og ein effektiv og samla organisasjon. Sistnemnde gjeld teknisk og miljø generelt. Eininga har fått mykje ut av dei midlane som har vore til rådvelde.
- Hvoudoppgåva for plan og byggesak i 2022, har vore å få starta opp kommuneplanarbeidet i samsvar med vedteken planstrategi. Formannskapet vedtok at endeleg handsaming skal vere i juni 2023, noko som har ført til at arbeidet har vorte veldig konsentrert.
- Fokuset elles for plan og byggesak har vore å halde budsjett og følgje årshjulet. Eining har i stor grad klart å levere saker innan gjevne fristar.
- Innan brann og redning, så har også år 2022 vore prega av ein del uro mellom deler av personalet og brannleiinga. Det vert arbeidd kontinuerleg for å betre dette. Uroa har ikkje hatt innverknad på fagleg standard/kvalitet på arbeidet kvar enkelt stasjon har stått for i samband med utrykkingar til ulykker. Samhandlingsplanen som vart innført i 2021 har vore evaluert i 2022. Dette vil vere ein kontinuerleg prosess i tida framover.
- Det har vore utfordrande å innfri brannmannskapa sine krav til materiale og øvingstimar, innanfor dei ressursane eininga har til rådvelde.
- Vedkommande landbruk og miljø, så er måloppninga m.m. fulgt opp i samsvar med leiaravtala.

5.7.4 Kostra nøkkeltal

Netto driftsutgifter per innbygger (301) plansakshandsaming




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	374	286	373	389
Kostragruppe 09	304	264	273	285
Landet uten Oslo	318	293	314	304

*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

Netto driftsutgifter pr. innbygger i plansakshandsaming syner at Sunnfjord kommune framleis ligg noko høgare enn landet utan Oslo, men skilnaden har ikkje auka.

Netto driftsutgifter per innbygger til brann og ulykkesvern




*) Justert for utgiftsbehov

**) Justert for inflasjon med deflator

	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	985	1 030	1 057	1 368
Kostragruppe 09	986	936	1 018	1 052
Landet uten Oslo	1 019	981	1 038	1 031

Netto driftsutgifter per innbygger til brann og ulykkesvern, syner at Sunnfjord kommune har fått ein auke i kostnadane frå 2021 til 2022, som fører til at kostnaden er no vesentleg høgre enn kostragruppe 09 og Landet utan Oslo.


Netto driftsutgifter per innbygger (332) kommunale vegar



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1 715	1 822	2 264	2 312
Kostragruppe 09	1 255	1 297	1 370	1 363
Landet uten Oslo	1 351	1 346	1 438	1 472

Netto driftsutgifter per innbygger for kommunale vegar ligg ein del høgare i Sunnfjord kommune enn for Kostragruppe 09 og for Landet utan Oslo. Dette kan forklarast med at Sunnfjord kommune har mange mil med kommunale vegar og bruer, sett i forhold til antall innbygarar.

Dekningsgrad – Antall kilometer kommunal veg og gate per 1000 innbygar



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	13,03	12,94	12,75	12,78
Kostragruppe 09	7,78	7,78	7,77	7,70
Landet uten Oslo	8,25	8,16	8,19	8,11

Sunnfjord kommune har mykje kommunal veg pr. 1000 innbygarar i forhold til resten av landet utan Oslo. Dette speglar seg igjen i at netto driftsutgifter er ein god del høgare i Sunnfjord enn i resten av landet.

6 Økonomisk avvik

6.1 Kommunedirektøren og stabseiningane

6.1.1 Driftsrekneskap

Tabellen under syner kva beløp som er flytta frå ansvar 100 og ut på den enkelte sektoren i kommunen. Dei ulike sektorane har fått desse beløpa som auke i sine tal.

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Avvik
100	Kommunedirektør	151 000 467	154 398 756	3 398 289
100	Kommunedirektøren - barnehage	-86 163 063	-79 917 546	6 245 517
100	Kommunedirektøren - skule	-14 393 145	-12 879 293	1 513 852
100	Kommunedirektøren - omsorg	-2 287 948	3 088 520	5 376 468
100	Kommunedirektøren - pensjon	19 388 980	17 832 375	-1 556 605
100	Kommunedirektøren - lønsvekst, prisvekst, arbeidsgjevaravgift	-1 848 952	-15 857 155	-14 008 203
100	Kommunedirektør	65 696 339	66 665 657	969 318

Tabellen nedanfor viser samla oversikt over kommunedirektøren og stab/støtte.

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Avvik	Rekneskap 2021
100	Kommunedirektør	65 696 339	66 665 657	969 318	178 561 946
100	Kommunedirektør (pensjon, løns- og prisvekst)	-17 540 028	-1 975 220	15 564 808	
110	Personal	15 250 396	15 372 445	122 050	15 163 754
115	Service	20 296 889	22 076 113	1 779 224	23 381 615
120	SYS IKT	0	0	0	0
130	Rekneskap og lønn	11 632 702	11 726 539	93 837	11 566 543
140	Fagutvikling	20 226 375	20 681 584	455 209	23 902 701
150	Næring og samfunnsutvikling	7 889 562	7 585 852	-303 710	7 803 700
160	Kommuneadvokaten	2 044 165	1 973 583	-70 582	1 416 194
	SUM	125 496 400	144 106 553	18 610 154	261 796 453

6.1.2 Nye tiltak gjennom året

- Korona-pandemien har medført utgifter til smittevernutstyr og vaksinerings i 2022. Totalt er det utgiftsført 2,4 mill. kroner i korona-kostnad, der storparten er ført på kommunedirektøren.
- Rekneskap og løn har påtatt seg å køyre løn for Fjaler kommune. Det er tilsett ein person for å gjere denne jobben. Det vert sendt refusjonskrav til Fjaler kommune for dette arbeidet.
- Budsjettmidlar for ein tilsett er flytta frå service til kommuneadvokaten. Ansvar for offentlege anskaffingar er tilsvarande flytta frå service til kommuneadvokaten.

6.1.3 Innsparingstiltak/auka inntekter

- Det er gjennomført innsparing i administrasjonen på totalt 3,0 mill. kroner i 2022. Det er tilsette som har slutta/ gått av med pensjon der stilling er redusert, eller tilsette som har permisjon og stilling står vakant. Det er gjort reduksjon i driftskostnader som telefon, opplæring og kurs, reiser, matvarer og lisensar. Samtidig er det gjort budsjettjustering av inntekter som refusjon frå folketrygda og refusjon frå andre kommunar.

- Innsparinga fordeler seg på fleire stabseiningar:
 - Service 1 500 000 kroner
 - Personal 100 000 kroner
 - Fagutvikling 700 000 kroner
 - Rekneskap og lønn 600 000 kroner

6.1.4 Forklaring til avvik

Avvik under 0,2 mill. kroner vert ikkje kommentert. Det er rapportert om koronakostnad på 2,4 mill. kroner i stab og støtte.

- Kommunedirektøren inneheld fleire tenester som politikk, leiargruppa til kommunedirektøren, skuleskyss, private barnehagar, revisjon og kontroll, IKT og overføring til kyrkja for å nemne dei største. Det vart eit mindreforbruk på 16,5 mill. kroner. Av dette mindreforbruket er 14 mill. kroner lågare lønsvekst/ utsett verknad, ikkje fordelt kompensasjon for prisvekst og lågare arbeidsgjevaravgift enn budsjettert. I tillegg er pensjonskostnaden 1,6 mill. kroner lågare enn budsjettert. Korona-utgifter til vaksinerings, testing og smittevernutstyr på totalt 2,0 mill. kroner er ført på kommunedirektøren. Tilskot til private barnehagar og midlar til barn med spesielle behov blir kommenterer under barnehage. Grunnskule og skyss blir kommentert under skule inkl. PPT.
- Personal utfører oppgåver som er retta mot alle einingane i kommunen. Det vart eit mindreforbruk på 0,1 mill. kroner.
- Service-eininga har eit mindreforbruk på 1,8 mill. kroner. Grunnen til mindreforbruket er mindre lønnskostnadar og deltaking på kurs og opplæring, kontorutgifter og eit større mindreforbruk på post-bank-telefon.
- Rekneskap og lønn har eit mindreforbruk på 0,1 mill. kroner.
- Fagutvikling har eit mindreforbruk på 0,5 mill. kroner. Særlege forklaringar her er at tilskotsmidlar har gått til å dekke lønsutgifter i 2022.
- Næring og samfunnsutvikling har eit meirforbruk på 0,3 mill. kroner. Grunnen til meirforbruket er ikkje mottatt tilskot for SIS samarbeid.
- Kommuneadvokaten har eit meirforbruk på 0,1 mill. kroner.

6.2 Skule

6.2.1 Driftsregnskap

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Avvik	Rekneskap 2021
100	Kommunedirektøren skule	14 393 145	12 879 546	-1 513 852	
210	Førde barneskule	28 604 836	26 018 456	-2 586 380	26 428 578
211	Halbrend skule	40 949 609	39 507 059	-1 442 550	37 521 939
212	Karstad skule og barnehage				3 158 983
213	Sunde skule	16 295 418	16 357 521	62 103	15 407 891
214	Holsen skule og barnehage	10 732 649	10 672 744	-59 906	10 132 439
215	Frøysland skule	1 298 309	1 294 784	-3 525	2 548 076
216	Vevring skule og barnehage	3 208 740	2 957 232	-251 508	3 369 651
217	Slåtten skule	32 517 759	31 401 459	-1 116 300	30 563 872
218	Flatene skule	24 885 967	23 983 346	-902 621	23 521 752
219	Førde ungdomsskule	32 838 994	31 416 387	-1 422 606	29 315 764
220	Viksdalen skule	8 191 827	7 382 914	-808 913	7 579 413
221	Sande skule	30 933 925	30 438 756	-495 169	29 024 643
222	Bygstad skule	11 583 227	11 702 990	119 763	11 945 577
223	Skei skule	20 058 805	17 289 414	-2 769 391	17 738 101
224	Væssenden skule	30 367 749	28 968 634	-1 399 114	28 700 349
225	Naustdal skule	37 228 016	37 020 924	-207 092	36 464 531
260	PPT	12 294 157	15 143 458	2 849 300	11 692 010
270	Vaksenopplæring og integrering	18 236 557	16 834 196	-1 402 362	18 663 414
	SUM	374 619 689	361 269 820	-13 350 123	343 776 983

6.2.2 Nye tiltak gjennom året

- Det er ikkje gjennomført nye tiltak i 2022.

6.2.3 Innsparingstiltak/auka inntekter

- Frøysland skule vart lagt ned hausten 2022. Elevane vart flytta til Holsen skule og barnehage.
- Redusert timetal i skulen på grunn av redusert behov for norsk som framandspråk.
- Vaksenopplæring og Integrering har fått auka inntekter på grunn av auken i busette flyktningar
- Vaksenopplæring og Integrering har auka behov for ressursar inn mot introduksjonsordninga på grunn av auken i tal busette flyktningar.

6.2.4 Forklaring til avvik

Avvik under 0,2 mill. kroner vert ikkje kommentert. Det er rapportert om koronakostnad på 3,6 mill. kroner i skulesektoren. Det meste av dette er auke i lønnskostnad grunna frávær og innleige av vikarar.

- Skular som har eit høgt forbruk rapporterer om ekstraordinære kostnadar knytt opp mot elevsakar og oppfølging av elevar.
- PPT har eit mindreforbruk grunna vakante stillingar.

- Vaksenopplæring og Integrering har eit meirforbruk. Meirforbruket skuldast auka behov for personale grunna flyktingar frå Ukraina
- Det er ein auke i kostnadane til skuleskyss mellom anna fordi fleire elevar får innvilga skuleskyss på grunn av farleg skuleveg.

6.3 Barnehage

6.3.1 Driftsrekneskap

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Avvik	Rekneskap 2021
100	Kommunedirektøren barnehage	86 163 063	79 917 546	-6 245 517	
310	Slåtdebakkane barnehage	7 266 844	6 289 092	-977 752	6 171 111
311	Halbrend barnehage	8 865 886	8 636 258	-229 628	9 170 188
312	Vie barnehage	14 735 283	14 725 430	-9 853	15 239 480
313	Solsida barnehage	14 743 030	14 448 530	-294 501	15 460 682
314	Vieåsen barnehage	8 871 671	8 558 941	-312 731	8 937 674
315	Tusenfryd barnehage	7 986 462	8 280 694	294 231	8 267 793
316	Hatlehaugen barnehage	6 458 010	6 602 412	144 402	6 647 500
317	Ytre Hafstad barnehage	10 066 651	9 449 493	-617 159	10 373 479
318	Nærleiken barnehage	14 023 024	13 562 438	-460 587	14 206 822
319	Sunde barnehage	10 102 255	10 116 746	14 492	9 879 145
320	Viksdalen barnehage	2 325 313	2 475 867	150 554	2 337 797
321	Bygstad barnehage	9 796 401	8 808 160	-988 241	9 322 042
322	Skei barnehage	10 005 682	9 158 713	-846 969	8 878 805
323	Langhaugane barnehage	9 464 352	9 765 298	300 947	9 690 663
324	Lunden barnehage	10 264 503	9 475 925	-788 578	10 412 545
325	Karstad barnehage	1 835 771	2 071 125	235 354	
	SUM	232 974 201	222 342 668	-10 631 536	144 995 726

6.3.2 Nye tiltak gjennom året

- Det er ikkje gjennomført nye tiltak gjennom året.

6.3.3 Innsparingstiltak

- Det er gjennomført innsparing på 0,5 mill. kroner i driftskostnadar.
- Innsparing på barnehagestruktur på 2 mill. kroner er ikkje gjennomført i 2022.

6.3.4 Forklaring til avvik

- Barnehage hadde eit samla meirforbruk på 10,6 mill. kroner. Meirforbruket fordelar seg med lønnskostnadar inkludert refusjonar på 4,3 mill. kroner, sparte driftsmidlar på 0,2 mill. kroner og tap i foreldrebetaling 0,6 mill. kroner. Det er ikkje gjort innsparing på struktur med 2,0 mill. kroner.
- Behovet til barn med spesielle behov aukar, men ein var i 2022 1,2 mill. kroner under budsjettet for dei kommunale barnehagane.
- Tilskot til private barnehagar utgjorde 80,4 mill. kroner i 2022. Dette er 8,6 mill. kroner meir enn budsjettet.
- Behovet til barn med spesielle behov aukar også i private barnehagar. Det vart i 2022 gjeve tilskot til barn med spesielle behov i dei private barnehagane på 5,6 mill. kroner Dette er 2,2 mill. kroner høgare enn budsjettet.

6.4 Helse og sosial

6.4.1 Driftsrekneskap

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Avvik	Rekneskap 2021
410	Fysio- og ergoterapitenesta	14 860 575	14 697 251	-163 325	13 870 277
420	NAV	38 339 905	42 855 668	4 515 763	36 755 585
430	Legetenesta	53 725 978	50 492 240	-3 233 738	55 396 848
440	Helsestasjonen	19 693 287	20 838 341	1 145 055	19 042 580
450	Barnevernstenesta	63 014 166	56 673 229	-6 340 937	55 056 928
460	Aktivitetseininga	30 677 711	30 616 315	-61 396	30 374 189
470	Psykisk helse og rus	16 907 695	17 811 672	903 977	15 622 259
	SUM	237 219 317	233 984 716	-3 234 601	226 118 666

6.4.2 Nye tiltak gjennom året

- Legetenesta har i 2022 hatt inne tiltak med auka bemanning for å sikre statleg føringar i samband med covid 19 oppfølging.
- Fleire einingar har gjort ein del omfordeling av ressursar for å fordele kompetanse og kapasitet til heile kommunen
- Tilført 1 stilling til NAV i samband med flyktningar i frå Ukraina

6.4.3 Innsparingstiltak/auka inntekter

- Tiltaka for 2022 er gjennomført

6.4.4 Forklaring til avvik

Einingane i sektoren har både meirforbruk og mindreforbruk. Gjennom året er det meldt at sektoren samla sett vil gå i balanse, men på grunn av at BUFETAT har endra sin praksis med utsending av faktura til barnevernet for 4. kvartal 2022, har vi måtta betale for 5 kvartal i 2022, det utgjør ca 3. mill. meirkostnader enn tidlegare år. Meirforbruket på sektoren er på totalt 3,2 mill. kroner. Dette er inkludert koronakostnader for sektoren som har vore på ca. 3 mill. kr for 2022.

- NAV har eit mindreforbruk på totalt 4,5 mill. kroner. Av dette utgjør yting til livsopphald og kvalifiseringsordninga 2,4 mill. kroner. Årsaka her kan vere satsing på arbeidsrelaterte tiltak og at nokre statlege ordningane har blitt forlenga og kanskje påverka behovet for sosialhjelp. I tillegg har drifta av dei sosiale tenestene hatt eit underforbruk på 1,1 mill. kroner, dette på grunn nøykttern drift og reduserte lønsutgifter. NAV har og fått ekstra refusjon på 1. mill. til jobbkonsulentprosjektet IPS.
- Legetenesta avslutta året med eit meirforbruk på 3,2 mill. kroner. Av dette utgjør ca. 2,6 mill. til utgifter av koronaoppfølginga jamfør statlege føringar. Resten av avviket skuldast innleige av legar for å dekke vikariat.
- Barnevernstenesta har eit meirforbruk på 6,3 mill. kroner, halvparten skuldast i hovudsak kjøp av tenester og institusjonsplasseringar, andre halvparten kjem av endring av faktureringstidspunkt i frå BUFETAT. Tidlegare har fakturaen for 4. kvartal vorte sendt ut så seint at del fell på året etter, no kjem det på eksisterande faktureringsår, dette utgjør ca. 3 mill. kr.

- Fysio -ergoterapitenesta gjekk med eit meirforbruk på 163 000 kr. Dette skuldast hovudsakeleg at ein ikkje har fått inn budsjett for turnusfysioterapeut som ein er avhengig å ta inn for å få drifta til å gå rundt.
- Helsestasjonen har gått med eit mindreforbruk på kr. 1,1 mill. til tross for at tenesta har fått i fått redusert tilskot frå Helsedirektoratet i høve budsjettet. Grunnen til mindreforbruket er fråvær og mangel på vikarinndekking. Med kompenserande tiltak og justering så har tenesta komme i mål. Men dette er ikkje berekraftig over tid, korkje for brukarane eller tilsette.
- Aktivitetseininga har i 2022 kome ut med eit meirforbruk på 61 000 kroner. Sjølv om ein omtrent er i balanse, så har tenesta klart å utvide mange av tilboda sine til fleire delar av kommunen
- Psykisk helse og rus har kome ut med eit mindreforbruk på 900 000 kroner, dette til tross for at ein ikkje har hatt budsjettdekning for eit einetiltak som utgjer 980 000 kroner. Årsaka til mindreforbruket er at eininga ikkje har fått inndekking av personell på vakante stillingar

6.5 Omsorg

6.5.1 Driftsrekneskap

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Avvik	Rekneskap 2021
100	Kommunedirektøren omsorg	2 287 948	-3 088 520	-5 376 468	
510	Førde omsorgssenter, korttid	17 953 679	16 194 976	-1 758 704	17 288 681
511	Førde omsorgssenter, langtid	21 960 197	16 862 840	-5 097 357	21 506 128
512	Førde omsorgssenter, skjerma	21 856 704	19 104 820	-2 751 884	19 120 352
513	Sande omsorgssenter	21 663 833	22 976 716	1 312 883	21 894 878
514	Naustdal omsorgssenter	15 234 349	15 581 935	347 585	16 711 392
515	Skei omsorgssenter	23 450 101	21 479 924	-1 970 176	22 393 700
530	Sande heimeteneste	11 161 041	14 127 021	2 965 980	11 597 611
531	Naustdal heimeteneste	20 932 240	20 417 589	-514 651	21 780 896
532	Skei heimeteneste	20 519 683	18 337 249	-2 182 435	19 817 203
533	Vassenden heimeteneste	20 435 347	19 174 864	-1 260 484	19 367 148
534	Førde heimeteneste, eining 1	32 160 579	28 835 978	-3 324 600	30 924 623
535	Førde heimeteneste, eining 2	41 335 248	41 215 320	-119 927	40 605 178
550	Skei bu- og miljøteneste	10 766 187	9 917 247	-848 940	14 490 593
551	Førde bu- og miljøteneste, eining 1	15 552 881	15 218 288	-334 593	22 053 000
552	Førde bu- og miljøteneste, eining 2	17 225 620	15 808 849	-1 416 772	17 208 335
553	Førde bu- og miljøteneste, eining 3	9 521 726	9 241 192	-280 534	17 897 157
554	Sande bu- og miljøteneste	11 980 216	13 735 072	1 754 856	21 884 340
555	Naustdal bu- og miljøteneste	18 001 099	15 833 886	-2 167 214	24 791 818
556	Bu- og avlastingsstenesta	16 073 032	12 732 812	-3 340 221	13 365 126
570	Butiltak psykisk helse	26 020 442	27 577 367	1 556 925	35 143 126
580	Tildelingseininga	6 774 103	7 550 414	776 312	6 358 690
590	Kjøkkentenenesta	19 169 224	17 108 746	-2 060 478	18 981 956
595	Bemanningsseininga	3 471 787	844 988	-2 626 798	
	SUM	425 507 266	396 789 573	-28 717 695	455 181 931

6.5.2 Nye tiltak gjennom året

- Sektoren vart tilført 22 nye årsverk i 2022.
- Bemanningseininga vart etablert.
- Kommunen rapporterer på 37 tiltak ressurskrevjande tenester i 2022.
- Utviklingsarbeid ved omsorgssentera kom i gong. I samarbeid med Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester, USHT, vart arbeidsoppgåver til leiarar og dei ulike fagstillingane kartlagt. Målet er at tilsette får nytte fagkompetansen sin der det er mest bruk for den.

6.5.3 Innsparings tiltak/auka inntekter

- Innsparingskrav til sektoren var 4,25 mill. kroner i 2022. Innsparingane skulle takast ved gevinstrealisering av velferdsteknologi, gevinst av elektronisk medisineringsstøtte og digitale tilsyn, helsefremmande arbeidstidsordningar og redusere sjukefråværet, gevinst av bemanningseininga og organisering av matombringning. Innsparingskravet er ikkje nådd, men det har vore jobba med alle tiltaka.
- Gevinst av velferdsteknologi må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Gevinst av velferdsteknologi, spart tid for personalet og sparte køyrekostnadar, er registrert gjennom heile året. Omrekna så er sparte kostnadar 2,5-3 mill. kroner. Like viktig er gevinsten for brukarane. Med hjelp av teknologi kan dei meistre å bu lenger heime med helseutfordringar, får større handlingsfridom – slepp å vente på tenesteytar, kanskje fleire gongar pr. dag.

- Helsefremmande arbeidstidsordningar er eit fokusområde når nye turnusar vert utarbeidde. Bemanningseininga kom i drift i 2022, og vi ser ein gevinst i dei einingane som nyttar bemanningseininga. Fleire einingar har innført langvakter.
- Frivillige har tatt over matombringingsstenesta frå kjøkkenet ved Sande omsorgssenter.

6.5.4 Forklaring til avvik

- Omsorgssentera har eit samla avvik på 9,9 mill. kroner. Koronakostnadar utgjer 4,6 mill. kroner. Vakante stillingar og auka tenestebehov har ført til auke i bruk av personalressursar. Høgt sjukefråvær og rekrutteringsutfordringar har ført til overtid og bruk av vikarbyrå for å dekke kravet til fagkompetanse. Nøkkeltal syner at det har vore høg beleggprosent ved alle langtidseiningane.
- Heimetenestene har eit samla avvik på 4,4 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak høgare lønskostnadar som følge av fleire brukarar og brukarar med eit stort tenestebehov. Koronakostnadar utgjer 3,7 mill. kroner. Nøkkeltal syner at tal tiltakstimar har variert mellom 11058 og 9697 timar gjennom året. Tal brukarar har variert mellom 687 og 707. Heimetenestene har ei utføreseieleg drift med raske endringar. Ser vi vekk frå koronakostnadane så har det jamt over vore ei god og effektiv drift i einingane.
- Bu- og miljøtenestene har eit samla avvik på 3,3 mill. kroner. Koronakostnadane utgjer 3,5 mill. kroner. Det har kome til fleire brukarar og nye ressurskrevjande tenester, samt auka tenestebehov hos brukarar. Fleire einingar melder om auke i vikarkostnadar og bruk av overtid. Trekkjer vi ut koronakostnadane, så har einingane hatt ei svært effektiv drift.
- Bu- og avlastingsstenesta flytta inn i nye og større lokale i august 2021. Etterspørselen etter tenester har auka mykje. Samla avvik i eininga er 3,3 mill. kroner, der kr 250 000 er koronakostnadar. Eininga har etter innflyttinga fått ein merkbar auke i tal brukarar, og fleire har behov for mykje tenester. Det har vore nytta vikarbyrå for å løyse tenestebehovet.
- Butiltak psykisk helse har eit avvik på – 1,5 mill. kroner, altså eit overskot i drifta. Kr 100 000 er koronakostnadar. Det har vore ei nøktern drift. Mindre forbruk av fast løn og vikarkostnadar, samt auke i toppfinansieringstilskot forklarar mindreforbruket.
- Tildelingseininga har eit mindreforbruk på - 0,77 mill. kroner. Koronakostnadane er på 0,7 mill. kroner. Eininga har hatt vakante stillingar som forklarar mindreforbruket. For å dekke opp for dette, har det vore nytta ein del overtid.
- Kjøkkentenesta har eit avvik på 2,0 mill. kroner, kr 135 000 er koronakostnadar. Avviket skuldast vikarinneleige ved sjukefråvær, kostnadar med vedlikehald av utstyr og for høgt budsjettert brukarbetaling. som skuldast ekstra kostnadar med matombringning.
- Bemanningseininga har eit avvik på 2,6 mill. kroner. Dette er lønskostnadar som i hovudsak skal finansierast av einingane, men det har vore utfordringar med faktureringsmodulen i ressursstyringssystemet slik at overføringane ikkje vart gjennomført før årsrekneskapen var avslutta.

- Høgt sjukefråvær i fleire einingar har ført til mykje innleige av vikarar, bruk av vikarbyrå, meirarbeid og overtid for å dekke tenesteytinga og kravet til fagkompetanse. Sjukefråværet hadde ein nedgang gjennom året, men er fortsatt høgt i fleire einingar. 12 av 23 einingar har eit sjukefråvær over 10%.
- Koronarestriksjonar i starten av året ørte til ei anna, og mindre fleksibel, organisering av personalet. KS avtalen, med auka betaling for ekstra- og overtidsvakter, var i bruk første halvdel av året. Koronakostnadane i sektoren er 13,2 mill. kroner. Dette har resultert i høgare lønskostnadar i sektoren.
- Tal ressurskrevjande tenester som kommunen rapporterer er 37 i 2022. Det er inntektsført eit toppfinansieringstilskotet på 72,6 mill. kroner i 2022. Det er 0,8 mill. kroner lågare enn året før, medan det er 2 færre brukarar.

6.6 Kultur og idrett

6.6.1 Driftsrekneskap

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Avvik	Rekneskap 2021
610	Kultur og ungdom	12 657 409	11 773 516	-883 894	14 013 118
620	Idrett og friluftsliv	3 415 995	4 063 828	647 833	4 273 109
630	Kulturskule	8 642 218	8 582 730	-59 487	9 116 504
640	Bibliotek	7 348 058	7 084 932	-263 126	7 313 382
	SUM	32 063 680	31 505 006	-558 674	34 716 113

6.6.2 Nye tiltak gjennom året

Kommunen vart vald ut til å delta i det nasjonale prosjektet Kulturskule 3.0, og har implementer eit samarbeidsprosjekt mellom Kulturskulen, barnehage og skule-sektoren for å lette borna sin overgang frå barnehage til skule. (nærare omtala i kap. 5.6.3.)

Kulturskulen har starta nytt teatertilbod i samarbeid med Teater Vestland.

Biblioteka har innført «meiropeløysing» på Førde og Naustdal bibliotek, og har opna nytt kombinasjonsbibliotek på Skei.

6.6.3 Innsparingstiltak/auka inntekter

Bibliotek har eit innsparingskrav på kr 440 000. Prosjekt i samband med dette er i hovudsak gjennomført. Siste del av innsparingskravet vil bli tatt i 2023.

6.6.4 Forklaring til avvik

- Kultur og ungdom: Tap av billettinntekter og andre salsinntekter grunna koronarestriksjonar. Verknadane i høve billettsal har vart utover sjølv restriksjonsperioden.
- Idrett og friluftsliv: Mindre vedlikehaldsutgifter til dagsturhyttene enn budsjettert; dette vil auke i åra som kjem. Etterslep på utføring i samband med pålagte tiltak etter tilsyn på anlegg.
- Kulturskulen: Mindre inntekter på sal av muskar- og dirigenttenester grunna koronarestriksjonar. Betra situasjon utover hausten 2022.
- Biblioteka: Auka utgifter til vikartenester i ombyggings- og omstillingsperiode i samband med innsparingstiltak.

6.7 Teknisk og miljø

6.7.1 Driftsrekneskap

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Avvik	Rekneskap 2021
710	Bygg- og eigedomsforvaltning	25 726 970	34 474 743	8 747 773	31 915 344
720	Reinhold vaskeri	46 731 663	45 793 019	-938 644	47 250 536
730	Teknisk drift	37 059 591	32 100 696	-4 958 895	36 428 394
740	Brann og redning	26 085 604	21 085 081	-5 000 523	19 877 669
750	Areal og byggesak	13 019 941	12 517 681	-502 260	10 265 991
760	Landbruk og miljø	7 776 620	8 564 853	788 233	7 747 758
770	VAR	-28 763 576	-27 180 728	1 582 848	-25 235 197
	SUM	127 636 813	127 355 345	-281 468	128 250 495

6.7.2 Nye tiltak gjennom året

- Det var ikkje særskilde nye tiltak for einingane innan teknisk og miljø i 2022.

6.7.3 Innsparingstiltak/auka inntekter

- BEF hadde eit mindreforbruk på ca 8.7 mill.kr grunna lågare straumkostnadar enn budsjettet,

6.7.4 Forklaring til avvik

- Bygg- og eigedomsforvaltning har eit mindreforbruk på 8,7 mill. Kroner for år 2022. Dette kjem seg av sparte straumkostnadar for store deler av året.
- Reinhold og vaskeri har hatt eit meirforbruk på kr 938.000,- i år 2022. Dette skyldast i hovudsak kortsiktige sjukmeldingar og ein generell prisauke på forbruksvarer, samt manglande innkjøpsavtaler. Eininga har elles vore prisbevisst på innkjøp av forbruksmateriell og utstyr og betre ressursstyring av personell.
- Teknisk drift har eit meirforbruk på 4.96 mill. kroner. Dette meirforbruket kjem seg m.a. av høge kostnadar til vintervedlikehald og meirforbruk på parkar og grøntareal, samt ein generell prisauke (større meirforbruk på vedlikehald transportmiddel, drivstoff, avgifter og gebyr.).
- Brann og redning har eit meirforbruk på 5.0 mill. kroner. Dette meirforbruket kjem seg m.a. av attendebetaling av innkrevd feiargebyr for feriebustader, lokale lønsforhandlingar for deltids brannmannskapet, auke i utgiftene til NGJ brannvesen, og pålagt ombygging av brannstasjonen i Førde.
- Areal og byggesak har hatt eit meirforbruk på 502.000,- kroner. Dette kjem seg i hovudsak av at eininga har hatt mindre inntekter enn forventa. Det har vorte fokusert på offentlege planar og desse får vi ikkje ta gebyr for.
- Landbruk og miljø har hatt eit mindreforbruk på ca kr 788.000,-. Dette kjem seg i hovudsak av sjukelønnsrefusjon for langtidssjukmelding.
- VAR omfattar direkte kostnadar til sjølvkostenestene vatn, avløp og renovasjon. Rekneskapen viser eit mindreforbruk på ca. 1,582 mill. kroner på grunn av meir bruk av fond på avløp enn budsjettet. For fullstendig oversikt over sjølvkostområda og sjølvkostrekneskap sjå årsmelding 2022 side 23-25.

